



# Høgskulen på Vestlandet

## Masteroppgave i klinisk helse- og omsorgsvitenskap

HELS-OPPG-0-1-2022-VÅR-FLOWassign

### Predefinert informasjon

|                |                              |                 |                            |
|----------------|------------------------------|-----------------|----------------------------|
| Startdato:     | 13-06-2022 09:00             | Termin:         | 2022 VÅR                   |
| Sluttdato:     | 15-06-2022 14:00             | Vurderingsform: | Norsk 6-trinns skala (A-F) |
| Eksamensform:  | Masteroppgave                |                 |                            |
| Flowkode:      | 203 HELS-OPPG 1 O-1 2022 VÅR |                 |                            |
| Intern sensor: | (Anonymisert)                |                 |                            |

### Deltaker

|              |     |
|--------------|-----|
| Kandidatnr.: | 402 |
|--------------|-----|

### Informasjon fra deltaker

|               |       |
|---------------|-------|
| Antall ord *: | 25237 |
|---------------|-------|

Egenerklæring \*: Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt \*:

Jeg godkjenner autalen om publisering av masteroppgaven min \*

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/uirksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei



## MASTEROPPGAVE

### **Kreativt skriveverksted for eldre- Helsepersonell sine erfaringar**

Kva meining kan ein finna i erfaringa hjå helsepersonell som deltok på kreativt skriveverksted for eldre med fokus på eksistensiell omsorg?

Ei kvalitativ studie av korleis helsepersonell opplever meining og eksistensiell omsorg

### **Creative writing workshop for the elderly- helth professionals`experience**

**What are the findings when looking into health staff`s experience after attending creative writing workshop among elderly, when focusing on existential care?**

A qualitative study of how health professionals experience meaning and existential care

### **Olaug Kristin Eikeland Hindal**

Master i helse og omsorgsvitenskap

Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FSH)/ Institutt for Helse- og omsorgsvitenskap/

Masteroppgåve i klinisk helse og omsorgsvitenskap

HELS-OPPG / Campus Stord

Vegleiar: Benny Huser

Innleveringsdato: 15.06.22

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.



## Forord

At eg har fått mulighet til å ta denne masteren har for meg vore svært lærerikt, arbeidskrevjande, til tider frustrerande og enormt utviklande for meg som menneske og som fagperson. Nå kjenner eg på stolthet og lettelse over å ha endelig komme i mål.

Mitt første møte med det klinisk helse og omsorgsfagleg teorigrunnlaget gav slik ein gjenklang i meg som menneske at eg kjente raskt at dette var eit fagområdet som harmonerte med mine verdiar og min ståstad i faget og i livet mitt.

Først vil eg rette ei stor takk til informantane som sa ja til å bidra med si erfaring. Det var varme og fine møter med dedikerte fagpersonar som gav meg eit rikt materiale å jobbe med.

Min trufaste og kloke vegleiar Benny Huser hadde eg ikkje klart meg utan! Ditt vennlege vesen, ditt engasjemet for faget og min studie har løfta meg opp når eg har vore frustrert og på veg til å gi opp. Din kunnskap, erfaring og medmennesklighet har vore gull for meg, tusen takk!

Takk til fine medstudentar som har eg har fått delt gode refleksjonar om livet og faget med gjennom dette studiet. Takk til HVL som hadde nettopp dette masterprogrammet eg kunne ta!

Så vil eg rette ei stor takk til min arbeidsgivar Haugesund kommune for støtte og stipend. Og ei spesielt stor takk til mine tidligare og nåverade kollegaer på USHT Helse Fonna; Astrid, Kristin, Ida, Gunhild, Olaug og Tina for inspirasjon, heiarop, hjelp og engasjement; eg er heldig som får dela arbeidslivet mitt med dykk!

Takk til pappa og søstra mi Inger Marie, og øvrige familie og vener som har oppmuntra og støtta meg i alle desse åra. Ei spesiell takk til Ann-Elin for hjelp med den engelske oversettinga.

Så ei stor takk til dei viktigaste i mitt liv, heiagjengen min heime. Dykk har oppmuntra, vore tålmodige, rause og hatt trua på meg når eg ikkje hadde den sjølv. Eg er ingen utan dykk. Takk til Hanna, Håvar og Dag.

Brakahaug, Haugesund 14.06.2022

*Olaug Kristin Eikeland Hindal*

## Samandrag

**Bakgrunn:** Bakgrunnen for denne studien er å sjå nærmare på kva meining ein kan finna i erfaringen hjå helsepersonell som deltok på kreativt skriveverksted for eldre med fokus på eksistensiell omsorg. Studien er basert på eit helse og omsorgsvitenskapelig perspektiv.

**Hensikt:** Hensikten med studien er å få auka kunnskap og forståing av helsepersonell sine erfaringer med fokus på eksistensiell omsorg ved å vera deltakar på kreativt skriveverkstad for eldre.

**Problemstilling:** Kva meining kan ein finna i erfaringen hjå helsepersonell som deltok på kreativt skriveverkstad for eldre med fokus på eksistensiell omsorg?

**Metode:** Studien har ei fenomenologisk- hermeneutisk tilnærming med eit kvalitativt forskningsdesign. Det er nytta hensiktsmessig strategisk utval for å få tak i informantar og dybdeintervju som datasamlingsmetode. Malterud sin systematisk tekstkondensering (STC) vart nytta som analysemetode.

**Funn:** To hovudtema kom fram av analysen med seks subtema. Hovudtema nummer ein var *innhald i livet- eksistensiell omsorg* med fire subtema som var *å oppdage den andre- oppmerksomt nærvær, det unike møtet, å kjenne trygghet, likverd og fellesskap*. Hovudtema nummer to var *innhald i tilværelsen* med to subtema som var *kvardagslivets gleder og bekreftelse*.

**Konklusjon:** Det omsorgsvitenskapelige perspektivet har gjort det mulig å få ei ny og djupare forståing av kva meining ein kan finna i erfaringa hjå helsepersonell som deltok på kreativt skriveverksted for eldre med fokus på eksistensiell omsorg.

**Nøkkelord:** kvalitativ metode, skriveassistent, skriveverksted, eldre, sjukeheim, helsepersonell, kreativt skriveverksted, pleie og omsorg, omsorg, eksistensiell omsorg

## Summary

**Background:** The background for this study is to get a closer look at health care professionals understanding from experience after participating in creative writing workshop among elderly. The focus was existential care. This study is based on a health care scientific perspective.

**Purpose:** The purpose of this study is to increase knowledge and understanding from health care professionals experience in their focus on existential care, when participating in creative writing workshop among elderly.

**Thesis statement:** What content and knowledge do we find in health care professionals experience, after participating in creative writing workshop among elderly, focusing on existential care?

**Method:** This study has a phenomenological – hermeneutic approach with a qualitative research design. Appropriate strategic selection to obtain informants and in-depth interviews as a data collection method has been used. Malterud's systematic text condensation (STC) was used as an analysis method.

**Findings:** Two main topics stood out in the six sub-topic analysis. The first main topics was *the meaning of life-existential care*. This showed four sub-topics which were *to spot others-attentive presence, the unique meeting, feeling safe, equality and fellowship*. The second main topic was *the content of life*. This pointed at the two sub-topics *everyday pleasure and confirmation*.

**Conclusion:** The health care scientific perspective made it possible to achieve a new and deeper understanding of the purpose of looking into and use health care professional experience after attending creative writing workshop among elderly, with focus on existential care.

**Keywords:** nursing home, health care professional, workshop, creative workshop, caregiving, care, existential care, qualitative method/STC, writing assistant, writing workshop, elderly,

## Innhald

|  |    |
|--|----|
| FORORD .....   | 3  |
| SAMANDRAG .....  | 4  |
| SUMMARY .....  | 5  |
| 1. INNLEDNING .....                                      | 1  |
| 1.1 Bakgrunn for forskningstema og fokusområde .....     | 2  |
| 1.2 Oppgavens hensikt og relevans .....                  | 4  |
| 1.2.1 Problemstilling .....                              | 5  |
| 1.3 Oppgåva sin oppbygging .....                         | 5  |
| 1.4 Begrepsavklaring .....                               | 6  |
| 2. TEORI .....   | 7  |
| 2.1 Klinisk omsorgsvitenskap .....                       | 7  |
| 2.1.1 Caritativ omsorg .....                             | 8  |
| 2.1.2 Att ansa, att leka, att læra .....                 | 10 |
| 2.1.3 Lyssnande .....                                    | 12 |
| 2.1.4 Rommet .....                                       | 14 |
| 2.2 Omsorgsetikk- i tråd med Løgstrup og Martinsen ..... | 16 |
| 2.3 Anna relevant litteratur .....                       | 19 |
| 2.3.1 Sjukepleie til den eldre pasienten .....           | 19 |
| 2.3.2 Helsefremmende skriving .....                      | 20 |
| 2.3.3 Personsenteret omsorg .....                        | 21 |
| 2.3.4 Refleksjon .....                                   | 22 |
| 3.0 TIDLIGERE FORSKNING .....                            | 23 |
| 3.1 Omsorgsvitenskapelig forskning .....                 | 25 |
| 3.2 Anna relevant forskning .....                        | 26 |
| 4.0 METODE .....   | 27 |
| 4.1 Kvalitativ metode .....                              | 27 |
| 4.1.1 Fenomenologi .....                                 | 28 |

|   |    |
|---|----|
| 4.1.2 Hermeneutikk .....                            | 29 |
| 4.2 Forforståing .....                              | 31 |
| 4.3 Framgangsmåte .....                             | 32 |
| 4.3 Utvalg.....                                     | 33 |
| 4.4 Datainnsamling .....                            | 34 |
| 4.4.1 Gjennomføring av intervju .....               | 34 |
| 4.4.2 Transkribering.....                           | 35 |
| 4.5 Metode for analyse.....                         | 36 |
| 4.5.1 Heilskapsinntrykk .....                       | 37 |
| 4.5.2 Meiningsberande einingar .....                | 38 |
| 4.5.3 Kondensering.....                             | 40 |
| 4.5.4 Syntese .....                                 | 41 |
| 4.5.5 Relevans, refleksivitet og pålitelighet ..... | 45 |
| 4.6 Forskningsetikk.....                            | 45 |
| 5.0 RESULTATER- PRESENTASJON AV FUNN .....          | 47 |
| 5.1 Innhald i livet- eksistensiell omsorg.....      | 48 |
| 5.1.1 Å oppdage den andre- oppmerksomt nærvær ..... | 48 |
| 5.1.2 Det unike møtet.....                          | 50 |
| 5.1.3 Å kjenne trygghet .....                       | 52 |
| 5.1.4 Likeverd og felleskap .....                   | 54 |
| 5.2 Innhald i tilværelsen .....                     | 55 |
| 5.2.1 Kvardagslivets gleder.....                    | 55 |
| 5.2.2 Bekreftelse.....                              | 57 |
| 6.0 DRØFTING.....                                   | 59 |
| 6.1 Innhald i livet- eksistensiell omsorg .....     | 60 |
| 6.1.1 Å oppdage den andre- oppmerksomt nærvær ..... | 61 |
| 6.1.2 Det unike møtet.....                          | 63 |
| 6.1.3 Å kjenne trygghet .....                       | 65 |
| 6.1.3 Likeverd og felleskap .....                   | 67 |



|       |  |    |
|-------|--|----|
| 6.2   | Innhald i tilværelsen .....                        | 69 |
| 6.2.1 | Innhald i tilværelsen- kvardagslivets gleder ..... | 69 |
| 6.2.2 | Bekreftelse.....                                   | 70 |
| 6.3   | Heilskapsbilde i lys av caritativ omsorg.....      | 71 |
| 6.1.1 | Forslag til vidare forskning .....                 | 71 |
| 6.4   | Metodiske betraktninger.....                       | 72 |
|       | Broer 73   |    |
|       | REFERANSER .....                                   | 74 |
|       | VEDLEGG.....                                       | 77 |
|       | Vedlegg 1 .....                                    | 77 |
|       | Vedlegg 2 .....                                    | 80 |
|       | Vedlegg 3 .....                                    | 81 |
|       | Vedlegg 4 .....                                    | 83 |
|       | Vedlegg 5 .....                                    | 84 |
|       | Vedlegg 6 .....                                    | 87 |
|       | Vedlegg 7 .....                                    | 90 |

## 1. Innledning

Hensikta med dette prosjektet er å utforske korleis ein kan oppleve meining med fokus på eksistensiell omsorg i praksis, her med utgangspunkt frå ansatte sin opplevelse etter å ha vore skriveassistent på kreativt skriveverkstad for eldre.

Eg hadde den store gleda våren 2018 å vera medansvarlig for ein kreativ skriveverkstad for eldre på eit omsorgssenter. Ti torsdagar møttes me, åtte pasientar og fire skriveassistentar for å skriva om tankar og minner knytt til ulike tema. Ein skriveassistent er ein pleiar som hjelper til å skrive ned teksten for dei eldre som ikkje lenger sjølv kan skrive på grunn av funksjonstap.

Det var ei sann gled kvar ein torsdag, skriveverkstaden skapte ei heilt spesiell form for fellesskap. Med eit nytt tema kvar torsdag fekk deltakarane eit utgangspunkt for deira eiga forteljing. Gjennom desse forteljingane fekk me som skriveassistentar og dei eldre som deltok ei forståing for korleis den enkelte sitt liv har vore og korleis enkelte hendingar har forma retninga livet tok. Det kunne handle om det første møtet med ektefellen eller ein god venn, naturopplevingar, barndom eller samfunnsarbeid. Det var deltakarane si eiga stemme som vart løfta fram. Og nettopp fordi mange av deltakerane hadde behov for ein del hjelp, og mange hadde høg alder, så brukte dei sine forteljingar til å skapa meining i livet sitt, og det livet som nå leves på institusjon.

Det å vera skriveassistent opplevde eg som meningsfullt for ein fekk ta del i livet deltakaren beskriv, og personleg fekk eg ei sterk oppleving av at fortellingane deira vart ein del av mi forteljing. Dette er for meg blitt ein bekreftelse på at følelsar som håp, sorg og glede er universelle og allmenngyldige, og ikkje avhengig av alder, funksjon eller tida ein vaks opp i. Desse forteljingane gav meg ein innsikt i det å vera menneske og eg kjende det var ei enorm tillitserklæring å få andre sine forteljingar om kva det er som tel heilt til sist i livet. Eg opplevde så sterkt at eg var med å gav, og fekk eksistensiell omsorg og det gav ei god oppleving av meining i arbeidet. Det skapte samstundes ei nysgjerrighet om kva var det som traff meg? Kan det vera noko som treff andre òg, er det noko i dette som ein kan vidareføre i eldreomsorga?

## 1.1 Bakgrunn for forskningstema og fokusområde

Bakgrunnen for mitt forskings prosjekt er å lære av erfaringane til helsepersonell, som var skriveassistentar på tre skriveverksted i to kommunar, og om det har nokon betyding for andre slik eg personleg opplevde.

Det vitenskapelege utgangspunktet og forankringa til denne masteroppgåva er vårdvitenskapen eller omsorgsvitenskapen som er utvikla ved Åbo Akademiet i Finland. Det å oversetje vårdvitenskap til på norsk omsorgsvitenskap kan gi assosiasjonar til eit snevrare felt enn det egentlig er, omsorg er tradisjonelt noko ein forbind direkte med sjukepleie, her er ikkje fokuset sjukepleie, men meir ein heilskap som det er ynskjelig er fleirfagleg. I oppgåva er det helsepersonell som er utgangspunktet og dei kan ha ulik utdanningar ikkje berre dei ein forbinder med helse og omsorgssektoren, men dei er tilsett som helsepersonell i ulike roller og funksjonar.

Sidan 2009 har meir enn 300 personar delteke på Kirkens Bymisjon sitt prosjekt «Kreativ skrivning for eldre» etter ein ide av Eli Sol Vallersnes, forfattar og fysioterapeut ( Kirkens Bymisjon, 2015). Målet var å fremje livskvalitet ved at brukarane tek i bruk egne ressursar. Dette prosjektet vart framheva i NOU 2011:11 «Innovasjon i omsorg» som nyskapande og innovativt ikkje-medikamentelt arbeid i eldreomsorga og viser til at dette er noko som bør utviklast vidare i morgondagens omsorg.

Ein kan også sjå på dette i samanheng med Stortingsmelding 15 (2017-2018) «Leve Hele Livet» som er ein kvalitetsreform for eldre som vart vedtatt på Stortinget i november 2018. Den har fokus på kva som løfter kvaliteten for tenestene og bidreg til ein trygg og verdig alderdom. Målet er at den skal bidra til at eldre kan mestre livet lenger, ha trygghet for at dei får god hjelp når de har behov for det, at pårørende kan bidra uten at dei blir utslitt og at ansatte kan bruke sin kompetanse i tjenestene. Meldingen sitt hovedfokus er å skape eit mer aldersvennlig samfunn samt finne nye og innovative løysningar på dei kvalitative utfordringene knyttet til aktivitet, fellesskap, mat, måltider, helsehjelp, sammenheng og overganger i tjenestene.

Reformens målgruppe er eldre over 65 år, både dei som bur heima og dei som bur på institusjon. Målgruppen har ulike forutsetninger og store variasjoner i behov og ønsker. Reformperioden er 2019-2023. Ein av bakgrunnene for reformen er at antall og andel eldre i befolkningen auker betydelig i årene som kjem.

Aktivitet og fellesskap i Leve hele livet peikar på viktigheten av aktivitet, deltakelse og sosialt fellesskap. Utfordringer oppsummeres som ensomhet, inaktivitet, aktivitetstilbud som ikke er tilpasset individet, lite systematisk samarbeid med frivillige, manglende møteplasser samt dårlig ivaretagelse av sosiale, kulturelle og eksistensielle behov. Stortingsmeldingen foreslår fem løsninger for å skape økt aktivitet, gode opplevelser og fellesskap:

1. Gode øyeblikk: Eldre bør få tilbud om minst en times aktivitet daglig med bakgrunn i egne interesser, ønsker og behov. Aktiviteten skal gi gode opplevelser, øyeblikk i hverdagen, stimulere sanser, minner, bevegelse og deltakelse i sosialt fellesskap.
2. Tro og liv: Helse- og omsorgstjenestene må sørge for at den enkeltes tro- og livssynsutøvelse og behov for samtaler om eksistensielle spørsmål blir ivare tatt. Helse- og omsorgstjenesten bør derfor innføre faste prosedyrer og samarbeide med tro- og livssynssamfunn slik at de kan møte brukernes og de pårørendes behov.
3. Generasjonsmøter: Å skape generasjonsmøter handler både om å etablere møteplasser mellom unge og eldre i dagliglivet, samt om å organisere aktivitet og virksomhet på tvers av generasjonene. Det kan for eksempel foregå på skoler og arbeidsplasser, eller i sykehjem og nærmiljø.
4. Samfunnskontakt: Helse- og omsorgstjenesten bør vurdere å opprette en funksjon som samfunnskontakt. En samfunnskontakt er bindeledd og koordinator mot nærmiljø, familie og pårørende, frivillige, næringsliv, organisasjoner, institusjoner i lokalsamfunnet.
5. Sambruk og samlokalisering: Sykehjem og omsorgsboliger bør bygges slik at de blir en integrert del av lokalmiljøet, gjerne med felles møteplasser og naboskap på tvers av generasjoner samt funksjoner.

Under punktet som omhandler helsehjelp i reformen står det mellom å at eldre skal bli verdsatt og involveres i beslutninger og det peikes på utfordringer som manglende oppmerksomhet på mestring og forebygging, dårlig oversikt over sammensatte behov, lite bruk av fysisk aktivitet, trening, manglende bruk av nye behandlingsformer, kartlegging og oppfølging av den enkelte må systematiseres. For å møte disse utfordringene er det foreslått fem løsninger der ei av løsningene handlar om miljøbehandling som ein metode som kan auka mestring, velvære, skape nye muligheter for kommunikasjon, dempe angst, uro og redusere unødig legemiddelbruk hos eldre. Behandling kan inneholde integrert bruk av musikk, andre kulturuttrykk i behandling, daglige aktiviteter, minnearbeid, gjenkjenning og sansestimulering. Dette kombinert med det som står under aktivitet der ein seier at alle eldre bør ha minst ein time med aktivitet dagleg som tek utgangspunkt i deira interesser og ynskjer og i den grad at ein tilrettelegg for innbyggerane ved å arrangere feks skriveverkstader for å kunne ta i bruk alle sine ressursar og interesser (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-15-20172018/id2599850/?ch=1>).

## 1.2 Oppgavens hensikt og relevans

Oppgåva sin hensikt er å utvikle kunnskap om bruk av, og nytte av kreativ skriving i omsorgen for eldre og dei ansatte sine erfaringar. Dette er eit område det er lite forskning på, verken i omsorgsvitenskapen eller i annan vitenskap. Det er skrive eindel om skriveverkstader både for sjuke og eldre og andre grupper, men lite om erfaringen til helsepersonell som har deltatt og kva muleg betydning det kan ha for dei sjølve og for relasjonen mellom dei og pasientane.

Eg meiner det kan ha stor fagleg nytte å sjå på dette fenomenet og om det er noko ein kan tenka inn i framtidens eldreomsorg. Eg finn ein del litteratur om terapeutisk skriving ved bruk av minnearbeid då spesielt retta mot menneske som har ein uhelbredelig sjukdom som kreft for eksempel. Det å skriva ned minner kan vera terapeutisk i seg sjølv, og fokuset har vore på

pasienten si oppleving, men eg har har ikkje funne noko om helsepersonell si oppleving av å delta på kreativt skriveverkstad.

### 1.2.1 Problemstilling

*Kva meining kan ein finna i erfaringen hjå helsepersonell som deltok på kreativt skriveverkstad for eldre med fokus på eksistensiell omsorg?*

Målet er å utforske korleis helsepersonell tilnærmar seg den eksistensielle omsorgen med bruk av kreative metodar som skriveverksted for eldre.

## 1.3 Oppgåva sin oppbygging

Oppgåva er delt inn i fleire kapitler for å gi ein oversikt over den teoretiske og metodiske tilnærminga som ligg til grunn for denne studien. Først vert relevant teori om klinisk helse-og omsorgsvitenskap presentert samt caritativ omsorg, att ansa, att leka, att læra, lyssnanden, rommet og omsorgsetikk i tråd med Løgstrup og Martinsen. Dette er sentralt innan tema og perspektivet i oppgåva. I metodedelen vert kvalitativ metode med fenomenologisk hermeneutisk tilnærming presentert, der eg forutan om korleis eg har gått fram i forskningen presenterer min forforståelse og kva betydning den har hatt for denne studien. Så vert resultatene presentert før eg i dørftingsdelen løfter funna opp mot teori, tidligare forskning og min egen erfaring. Dette kapitlet vert avslutta med eit heilskapsbilde i lys av caritativ omsorg der mulige konsekvensar for praksis vil bli belyst før eg heilt til slutt har nokre metodiske betrakningar.

## 1.4 Begrepsavklaring

Det er hovudsaklig omsorgsvitenskaplege begreper som er vert gjort rede for i den teoretiske tilnærminga til denne oppgåva. Begrepet skriveassistent vil romme helsepersonell og ansatte i pleie og omsorgs-tjenesten som hadde ei rolle som hjelpar til den eldre under skriveøktene på skrivevekstedet. Ein skrivevekstad er ein planlagt og styrt aktivitet som var eit tilbod til pasientar på sjukeheim og brukere på dagsenter for heimebuande eldre personer.

Det vil bli veksla mellom å skriva helsepersonell, pleiar, informant og skriveassistent. Det er desse sine erfaringar eg er på jakt etter. Eg vel også å benevne dei i ho kjønn.

Det vil i oppgåva også bli veksla mellom å skriva deltakar, den eldre og pasient, men dette handlar om den same.

## 2. Teori

I dette kapittelet vil eg presentere teorigrunnlaget for denne masteroppgåva og den vitenskapelige ståstaden eg har som kjem frå eit klinisk helse og omsorgsvitenskapleg perspektiv. Eg har valgt å presentere sentrale teoriar i omsorgsvitenskap med hovudvekt på Katie Eriksson sine teoriar om vård og caring. Eg vil også nytta Kari Martinsen sin ontologiske situasjons etikk, K. E. Løgstrup sin etiske fordring og ulike sentrale begrep innen omsorgsvitenskapen for å skape ein forståing av kva dette er, knytta opp mot problemstillinga mi som handlar om meining og eksistensiell omsorg. Annan relevant teori som vert presentert er personsentrert omsorg utvikla av Kitwood, offentlige utredningar og nyare fag og forskningslitteratur med fokus på omsorgsvitenskapleg teori som ilag vil danna det teoretiske perspektivet for drøftinga i denne oppgåva.

### 2.1 Klinisk omsorgsvitenskap

Klinisk omsorgsvitenskap er ein akademisk disiplin med sine egne teoriar, begrep og verdigrunnlag. Det er ein humanvitenskapleg orientert vitenskap der det overordna målet er å forme idealer for omsorg, at ein hjelper idealet mot virkeligheten og virkeligheten mot idealet (Eriksson & Lindstrøm, 2003, s. 3).

Sjølv om den kliniske omsorgsvitenskapen ikkje er ein praktisk disiplin har den relevans for praksis. Det er med andre ord det ein kallar ein autonom disiplin; det har ein klar ontologi (grunntese), ethos (grunnmotiv) og epistemologi (kunnskapssyn). Siden den ikkje er knytt spesifikt til ein profesjon, den er med andre ord profesjonsnøytral, kan med det ha relevans for fleire profesjonar (Rehnsfeldt, Arman & Lindstrøm, 2016). Eit kjennetegn med omsorgsvitenskapen er at det har pasientperspektivet; kva innebærer omsorg for pasienten og derfor kan det nyttast av ulike profesjoner (Wiklund Gustin & Bergbom, 2017, s 49).



Klinisk omsorgsvitenskap som akademisk disiplin svarer på kva god omsorg er og dermed vert omsorgens substans skildra (Wiklund, 2005, s 25). Med det kan ein sei at den er substans fokusert, i motsetnad til for eksempel sjukepleie vitenskap som er fagorientert og meir retta mot ein medisinsk disiplin. Målet er å utvikle omsorgsvitenskapen som ein autonom vitenskap og samstundes utvikle fenomenet omsorg til noko meir enn det reint medisinske og fagorienterte (Wiklund, 2005, s 26). Målet er vidare ein refleksjon over eigen praksis og vilkår meir enn å ta i bruk andre vitenskaper sine idealer.

Omsorgsvitenskapens menneskesyn kjem av ein oppfattelse av mennesket som ein fleirdimensjonal eining med tre perspektiver, det kroppslige, det sjelelige og det andelige. Ein tek utgangspunkt i eit humanvitenskapelig perspektiv og fremhever mennesket sin verdighet og ukrenkelighet (Wiklund, 2005, s 25). Det er ulike måter å ta del i verden på, ein måte er gjennom våre relasjonar i det sosiale livsrommet, det er her me møter andre mennesker og ein kan sei det er dette som er omsorgen sin verden; medverden.

### 2.1.1 Caritativ omsorg

Det å vera menneske blant andre menneske er å vera til i relasjonen med andre menneske, i gjensidighet, fellesskap og einsemd. Det å vera i denne gjensidige relasjonen der måten ein møter kvarandre på får meining for korleis me forstår oss sjølv og våre liv ( Renhnsfeldt, Wiklund Gustin & Bergbom, 2017, s 281-282). Omsorgens djupaste meining finn ein i relasjonen til andre menneske og med gjensidighet i omsorgen kan verdigheten ivaretas ved at ein ser og tar den andre sin lidelse på alvor.

Det å møta og opna opp for sin eigen sårbarhet og skjørhet er å tørre å møte den djupaste varhet i seg sjølv, noko som kan føra til at ein vert meir autentisk og nærværande i forholdet til andre. Noko som igjen innebærer at ein opnar opp for at ein i universell meining er heilt avhengig av kvarandre også kalla interpendens (Arman & Rehnsfeldt, 2012, s 91).

Løgstrup former etikken nedenfra, frå situasjonen av (Martinsen, 2015, s 46-48). Me er vikla inn i den andre sin skjebne og den andre i min, me angår kvarandre. Desse grunnvilkåra som er ontologisk gitt og høyrer til i tilværelsen der me i vår sårbarhet og avhengighet er utlevert til kvarandre.

Armand (2015, s 104-110) hevdar at for ein omsorgsetikar er mennesket sin verdighet den grunnleggande verdien i seg sjølv bare i kraft av å vera menneske blant andre menneske. Dette bygger på Katie Eriksson sin tanke om at omsorgens ethos inneheld tankar om kjærleik, barmhjertighet og verdighet. Verdighet er den grunnleggande verdi for ein caritativ omsorg, der ethos er berar av etikken og viser den innerste kjernen til mennesket. Etikken sin grunnstamme er omsorgsspørsmål og kjem fram i lyset i måten ein forhold seg til andre på og i relasjonar.

I carativ etikk er det eit mantra basert på Eriksson sine teoriar : Eg var der, eg såg, eg vitna og vart ansvarlig ( Armand, 2015, s 107). Dette krev at ein reflekterer og er villig til å nærme seg den andre sin verden og virkelighet. Det at ein etikk er medmenneskelig er å ha den djupaste respekt for det mennesket ein har framfor seg og at det mennesket eig sin verden, sin historie. Sjølv om eg alltid vil vera farga av mitt liv og min livsverden er det å gjera godt større i meg og noko som kanskje kan gjer at eg klarer å setja meg sjølv tilsides.

Cartiastanken eller kjærlighet og barmhjertighetstanken er kjernen i alt omsorgsarbeid, det er menneskekjærlighet som omsorgsvitenskapens kunnskapsprosjekt. Historien vår fortel oss om kjærlighet, at den har vore tilstades i livet og kva den har ført til av gode opplevingar i kraft av kjærligheten. I dette ligg det eit håp i kjærligheten. Eriksson hevder at omsorgen i all omsorg, det menneskelige i mennesket og det religiøse i religion kan samlast i eit begerep, nemlig kjærlighet. Caritas stammer frå latin og betyr kjærlighet, og dei engelske orda care og caring stammer frå dette (Eriksson, 1987, s 38).

Det å gi omsorg er å vera i ein relasjon, og det å gi omsorg innebere noko meir enn å utføra ein prosedyre eller gjer ei handling. Det å vera i ein relasjon innebærer ein gjensidighet og kan oppfattast som noko som skjer på eit ontologisk nivå, medan ei handling, eller ei prosedyre er ei handling som er meir på det tekniske nivå. Ei handling kan gå over til å bli ein relasjon, men det

trengs ikkje ei konkret handling til for å at det skal oppstå ein relasjon. Og dersom ei handling er heilt utan forankring i relasjonen er det ein risiko at omsorgen vert berre ein tom teknikk. Eriksson hevdar at ein ekte relasjon innebærer eit sant møte der alle forestillingar forsvinn og ein står igjen med eit møte i kjærlighet (Eriksson, 1987, s 32-33). Det som er sentralt i det relasjonelle er at antagelsen om at noko alltid står i forhold til noko anna, eller ein annan, i respekt. Men samstundes må ein vera medviten på at i ein profesjonell omsorgsrelasjon verken kan ein eller bør ein stilla spørsmål med om det kan bli ein total gjensidighet. Det vil alltid vera av stor betydning at det er den som mottar omsorg er den som får mulighet til å velge å vera med inn i relasjonen og det er evnen omsorgsgivarane har til å skapa nærhet og distanse som vil regulere på kva måte dette skjer (Eriksson, 1987, s 34).

#### 2.1.2 Att ansa, att leka, att læra

Katie Eriksson hevdar at substansen i omsorg er å gi pleie (ansa), leka og læra (Eriksson, 2018, s 237). I livsrommet er det plass til å ansa, leka og læra. Begrepet sjølv og andre forutsetter ein utvidelse for å omfatte menneske sitt indre og ytre forhold (Eriksson, 2018, s 260). Den primære substansen er det indre i ein sjølv; det som mennesket er, det materielle og immaterielle som kan uttrykkast i kropp, sjel og ande. Helseprosessen med å vera heil og helsig er eit uttrykk for ulike funksjoner og forhold mellom sjølvets sine indre og ytre forhold. Det ytre forholdet bestemmes av individets relasjon til den andre og til omgivelsene som ein heilskap. Ein snakkar om tre ulike dimensjoner eller rom for dei ytre forholdene: det fysiske rommet som dei primære livsfunksjoner, psykososiale som samspelet mellom sjølv og andre, og det tredje rommet er det åndelige livsrommet der kjernen er sjølvets relasjon til det abstrakte, personlig tro er.

Katie Eriksson seier «at å vårda er att ansa, leka och læra, att fungera i tro, hopp och kärlek» (Eriksson, 2018, s 237). Det å vera menneske inneber å vera ein heilskap av kropp, sjel og ande, og det å vera helse inneber at individet i sin eigen samheng, ilag med sine nære ,familie og venner, ansar, leker og lærer seg sjølv noko. Ein kan sei det er ein form for naturleg omsorg, ein egenomsorg. Optimal, naturleg omsorg inneber at individene gjennom sine handlingar, i samspel

med menneske i sine omgivelser, kan hjå seg sjølve skapa kroppslig velbehag, tillit, tilfredshet og bli utvikla mot eit høgare tilhørighetsnivå (Eriksson, 2018, 237-238).

For å kunne forstå omsorgens/vårdadens substans må ein gå til kvar det kjem ifår; bry seg om, ansvar for, angår er alle betydninger ein kan finna og ein kan også tenka at ein held utkikk (Eriksson, 2018, s 245).

«Ansandet»/pleien er ein konkret handling i kjærleik og er den mest grunnleggende formen av omsorgen då den kjennetegnes av nærhet, varme og berøring. Det er ein måte å bekrefte den andre sin eksistens (Eriksson, 2018, s 249). Eriksson referer til Heideggers omsorg som ein måte å vera i verden på, ein tilhørighet til andre menneske i kropp, sjel og ande.

Å leka får fram paradokser siden det i leken er både, øving, prøving, lyst, kreativitet og alvor. Eriksson (2018, s 253-254) henviser til at det eksisterer forskjellige teoriar om lek og at det med bakgrunn i dei forskjellige teoriane om lek trer fram fem grunnformene om lek som er nyttig i omsorgsvitenskapleg synsvinkel:

- 1) lek som assimilasjon
- 2) den lystbetonte leken
- 3) den kreative leken
- 4) lek som uttrykk om ynkjer ein har
- 5) lek som test og øvelse

Sjølv om lek er ein naturleg aktivitet hjå barn er den nesten ikkje eksisterande hjå vaksne. Paradokset i lek er opplevelsen av diskrepansen mellom den indre og den ytre virkeligheten. I lek har alltid mennesket sjølv kontrollen noko som inneberer at pleiaren må vera audmjuk for dette.

Å læra er å vera i stadig utvikling, og er ein av grunndimensjonane i væren, i sjølve livet. Det å læra seg å på væra, nokre gonger som ein heilskap andre gonger som ein del uten å vera kytt til ein heilskap for å så å bli del av ein heilskap, er å vera i denne kontinuerlige utviklingen (Eriksson, 2018, s 255).

Å ha tatt bolig i seg sjølv, å vera i seg sjølv, i relasjon til andre er å eksistere. Ein vert medviten om sjølve livet (Eriksson, 2018, s 258).

### 2.1.3 Lyssnande

Det å vera «lyssnande» eller lyttande er eit begrep som Camilla Koskinen beskriv som eit fenomen som er meir enn kommunikasjon og relasjonsbygging. Tanken hennar er at «lyssnande» er fundamentalt for heile mennesket sin væren i verden og at me mennesker har eit ibuande potensiale som er naturleg for å bli gode til å lytte gjennom det å forstå noko om lyssnandens inste vesen (Koskinen, Wiklund Gustin & Bergbom, 2017, s 403-407). Vidare seier ho at det å lytta er så mykje meir enn å bare lytta til det som vert sagt, ein kan beskriva det som å lytta med og til heile kroppen, at ein lyttar til kven ein sjølv er og kjenner seg heima i seg sjølv og først då kan ein klare å lytte, orienterer seg utover seg sjølv og lytte «ut» til andre menneske. «Lyssnande» kan ein sei er eit sinnelag, ein vilje til å stå til teneste, vitna, elska og kjenna sympati med pasienten. Mennesket er som ei forteljing og derfor vil møtet mellom mennesker alltid innehalda forteljingar. Når ein som pleiar får ta del i pasienten si forteljing får ein ta del i noko av det mest personlege pasienten kan avsløra om seg sjølv. Koskinen seier at «lyssnanden» starter med ein invitasjon til det som er meiningsfullt for pasienten. I dette ligg det ein gjestfrihet der pleiaren ikkje viser seg bak ein fasade og med eit ekta ynskje og eit val om å vera til hjelp og tilstade for den andre med heile sitt personlege nærvær. Pleiaren er i seg sjølv redskapet i «lyssnanden» . For at pleiaren skal kunne ta del i pasienten sin historie krev det tid til å virkelig lytte etter, sakte lytte for at det skal oppstå eit nærvær og ein skaper eit rom ilag med pasienten.

I det moderne samfunnet er det høgaktivitet som vert stimulert, ein kan sei at naturen har årstider og det er tilpassa slik som menneskekroppen virker; ting tar den tid det skal ta, eit frø tar den tida det skal ta for å vekse og bli ein blom. Hartmut Rosa (2014) skriv om fremmedgjørelse og akkslerasjon av mennesket i det moderne samfunnet. Har ein tid å stoppe opp og ta pause eller vert det sett på som eit heft og noko som er i vegen og ikkje passar heilt inn, som til dømes er sjukdom er ein brå stopp i menneskene sin iver etter hurtighet. Ein kan då

bli fjern og framand frå livet sjølv. Det er som om det moderne vestlege samfunn har ein epidemisk tidshunger at moderniteten fører til at ein i aukande grad har tidsnød (Rosa, 2014, s 26). Det er som om tida er eit råmateriale som ein kan gå tom for på lik linje med olje for eksempel. Det er som om ein skal ha ein auke i antal handlingar eller erfaringar pr tidseining.

I dette med «lyssnanden» ligg det å rette oppmerksomheten sin mot det som er utanfor ein sjølv, og anerkjenne den andre utan reservasjon og gi bekræftelse til den andre for sin unikhed med ekte interesse. Eit hinder for at dette skjer er at pleiaren vil beskytte seg sjølv og ikkje blir følelsmessig engasjert i den andre, pasienten, ved å tolker det som vert formidla frå pasienten til det ein allerde veit og forstår (Koskinen, Wiklund Gustin & Bergbom, 2017, s 408-409).

Eit menneske sitt indre liv er det er ein fristad, eit nærvære for seg sjølv og noko av det mest private ein kan dele med andre, og det å lytte inneber at ein har ei open haldning til den andre og ikkje på førehånd trur ein veit alt. Det gjer at pleiaran utset seg for ein sårbarhet for livet og må erkjenne for seg sjølv sin eigen dødlighet og sårbarhet. Det å vera open for å bli personlig berørt som pleiar for pasienten sin historie om lidelse og sjukdom kan vera krevjande ettersom det krever mot til å våga å lytta, mot til å våga å sjå, høyra, forstå pasienten sitt syn på livet. Samstundes er det ei stor gåve ettersom det kan gi pleiaren mulighet til å få nye innsikter, på ein ny måte, bli opplyst og nå ein ny dannelselse.

Lytting til meiningsfulle historier motvirkar einsemd, i staden knytter det mennesker saman, det skaper ei samhørighet som er omsorgsfull. Koskinen seier at ifølge Rehling ( Koskinen, Wiklund Gustin & Bergbom, 2017, s 410-412), skaper «lyssnad» ei «Vi-kraft» når ein aksepterer dei allemennmenneskelige vilkår og den kampen mennesket vert prøvd i når ein får alvorlig sjukdom. Vidare skriv ho at det omsorgsfulle, felles fruktbare skjer i mellomrommet mellom mennesker i korte øyeblikk av fellesskap der ein kjenner at tida står stille. Ein følelse av at me mennesker høyrer til den same heilskap, ei felles menneskelig verden der alt heng saman med alt. Det vert eit øyeblikk av nærvær av det hellige i livet.

Lyssnaden kan også skape eit vendepunkt i livet til mennesker og gi motivasjon til endring som forandrer livet til det mennesket.

Når ein lytter er ikkje det nok å bare høyre, men ein må la det ein høyrer slå rot i oss skriv Martinsen (2021, s 52-54). Det å lytte krev at ein har ein ro i seg sjølv og i våre omgivelser, det krev at ein let tonen i stillheten komme til syne. Det er når ein er i noko, om noko at erfarer noko. Stillheten sin tone er ein føresetnad for forståinga.

Det er stor omsorg for pleiaren i «lyssnanden» siden det gir mulighet for resonans til det som blir fortalt og gir rom for at det ekte inni ein sjølv får plass til å utvikla seg. Siden dette ikkje er noko ein kan læra seg krev det at ein har den haldning til pasienten og livet sjølv slik at omsorgen vert eit stykke ekta liv (Koskinen, Wiklund Gustin & Bergbom, 2017, s 412-413). Det innebærer at det ligger ei etisk og hermeneutisk grunn i forståinga av kva lyssnand er. Dette gir muligheter til å utvikle og vera innovative der ein bruker eit kritisk blikk på seg sjølv og eigen praksis for å utvikle denne samtidig som ein er lydhør til sjølve livet.

#### 2.1.4 Rommet

Rommet, både det synleg og det usynlege trer fram i dei menneskelige møtene. Og det som er interessant er korleis den profesjonelle omsorgsgivaren sin romslighet kan opna muligheter i ein omsorgsfull omsorgskultur. Pleiaren sin væremåte og tilstedeværelse er av stor betydning, ein kan metaforisk sei at det er som ein dans mellom pleiar og pasient nett som dei vert medaktørar (Lassenius, 2017 s. 362). I ein samtale er ordene si meining noko meir enn sjølva innholdet i orda. Ordene kan strekke seg langt forbi det som umiddelbart trer fram. Jo meir komplekse fenomen me møter dess meir passende er det i omsorgspraksisen å nytta metafor for å nærma oss det som ikkje er så tilgjengelig (Lassenius, 2017, 363).

Wiklund (2005) seier at mennesket er kropp, det via kroppane våre me føler, opplever og handler, men me gjer det alltid i ein samanheng. Mennesket, den levde kropp eksistere i ein relasjon til noko anna, til andre mennesker, til situasjoner eller eit spesifikt miljø. Vi tar del i verden gjennom våre relasjoner i det sosiale livsrommet. Ein kan seie det er ein «med-verden» og det er her ein møter andre mennesker. Kvart menneske bringer sitt eige kulturelle gods som minner, tradisjoner, lidelse, sjølvbilde, håp og sin eigen levde kropp med til møtet. Medverden

er derfor noko ein kan betrakte som multikultruell. For å få til eit ekte møte må dei som er involvert tilegna seg kvarandre sin kultur og prøve å forstå denne. For at dette skal skje må ein sjå vekk ifrå fordommar ein har, og prøve å sjå det omvendte bilde som vert formidla av adferd, symptomer eller roller. Kvart einaste møte set spor i den andre sin verden og bidrar med materiale til den andre si fortelling (Wiklund, 2005 s 56)

Eriksson (1987, s.35) beskriv kulturen som eit bergop som omfatter heile mennesket sin verden, og det er derfor den åndelige kulturen er av stor betydning i omsorgsforskning. Det er den som er med å gi kvart menneske svar på deira eksistensielle spørsmål som vert viktig og relevante for helsa og livet deiras Og det som forener er kjærlighet. Den vil aldri heilt kunne forklares siden kjærleiken bare ER, og den engasjerer og fengsler (Eriksson, 1987, s 39). Videre seie Eriksson at det kun gjennom å forstå kor vesentlig den naturlige kjærlighets tanken og kraften er for kvart menneske vil ein kunne utvikle kunnskap om kjærlighet som ei kraft for den profesjonelle omsorgen (Eriksson, 1987, s 49). Det handler i sin innerste kjerne om det same, den same kjærlighet, men vil naturlig nok variere i form.

For å kunne oppleve forståing er stillhet ein forutsetnad, det å vera stilla inn i forhold til den andre, for å kunne ta imot invitasjonen frå den andre til å ta del i hans verden (Martinsen, 2021, s 52). Det å vera oppmerksom er både noko aktivt og stillferdig og det kan vera med å gi omsorgsmøtet ro, det er ein relasjon med to parter der dei på kvar sin måte kan få våga seg fram. Det gjeld å finna samklagen med den andre, finna ein musikalitet der ein treng oppmerksomhetens stillhet og ro for at den skal tre fram.

Ein må vera tilstades i augenblinken, i situasjonen, med heile sin sansende kropp (Martinsen 2014, s 32)

Omsorgsvitenskapen skaper eit bilde av menneske som ei eining av kropp, sjel og ande. Ontologisk er mennesket alltid ei eining med forskjellige aspekt og forskjellige perspektiver som danner det unike menneske. Med det kan ikkje mennesket forstås som ein isolert eining, men må alltid forståst i relasjon til den sammenheng den befinner seg i. Det betyr at det både påvirkes og påvirker sine omgivelser og at det forholdet er subjektivt. Så for å forstå kva eit



menneske er, er derfor begreper som livsverden og forforståelse sentrale dimensjoner (Wiklund, 2005, s 66-67) I eit omsorgsvitenskapleg perspektiv utgjer kroppen ikkje åleine våre fysiske væren, men også vår kontakt med verden og det er gjennom vår kropp vi tar imot og bearbeider inntrykk og det er ein evig tilblivelsesprosess kor mennesket forandres heile tiden i sampelet med andre.

## 2.2 Omsorgsetikk- i tråd med Løgstrup og Martinsen

Begrepet livsverden-orientert etikk handlar om å sjå ein samanheng mellom heile mennesket sitt liv og eksistens opp mot den helsa ein har. Det handlar om korleis mennesket sin livssammenheng påvirker og blir påverka av helse, sjukdom og omsorg ifølge Arman (2015 s.95). Diagnose er eit altfor begrensande perspektiv opp mot omsorgstenkning og ein kan aldri nøye seg med å bare sjå sjukdom. Vidare seier Arman at livsverden teorien alltid inkluderer pasienten sin levde sammenheng det vera seg familie, venner og eller kjæledyr. Det handler om dei eller det som vert ramma av at vedkommande er blitt sjuk og ikkje har same helsa som tidligare, og derfor kan det også handla om hagen til vedkommande dersom den har vore viktig for pasienten si helsa og velbefinnande. Å involvere dette som er nært for personen i hans verden har stor betydning etisk. Det å gå så breidt og åpent ut gjert at ein kan finne styrke og støtte til pasienten i tilhelingsprosessen.

Det er personen sjølv som er ekspert på seg sjølv og kan vita fullt og heilt korleis det er å vera han eller henne. Det er pasienten sin histore som er sentral og avgjerande betydning held Armand fram (2015, s 96-98). Den livsverdenorienterte etikken inneber at både pasient og pleiar samarbeider og begge bidrar med ekspertkunnskap, men at utgangspunktet er pasienten sin historie. Dette hevder Armand er i tråd med Gadamer sin analyse av helse at det er pleiaren si oppgåve å støtte og forsterke det frø som er hos alle til god helse, også hos dei som er blitt sjuke. Oppgåva er ikkje å skape eller produsere dette for pasienten siden det finnes der allerede i personen sjølv i større eller mindre grad.

Arman (2015, s 103) seier at ein treng ein bevisst åpenhet om at den andre ikkje er meg; kunsten er å sjå noko anna, noko nytt og sjå noko eg allerede ikkje veit. Sjølv om Levinas ifølge Armand meiner at dette kan vera vanskelig siden vi som mennesker er tryggast i det me veit og kjenner til så er det med ei livsverden orientert etisk haldning at pasienten kan tilbys ei trygg og god omsorg på sine eigne eksistensielle vilkår. Det krev at eg som pleiar klarer å sjå den enkelte pasient som det individ han er og i sin sammenheng eller kontekst.

Vidare hevdar Armand (2015, s 104-110) at for ein omsorgsetiker er menneske sin verdighet den grunnleggande verdien i seg sjølv bare i kraft av det å vera menneske blant andre menneske. Dette bygger på Katie Eriksson sin tanke om at omsorgens ethos inneheld tanker om kjærlighet, barmhjertighet og verdighet. Verdighet er den grunnleggande verdien for caritativ omsorg, der ethos er berar av etikken og viser den innerste kjernen til mennesket.

I carativ etikk er det eit mantra basert på Eriksson sine teoriar : Eg var der, eg såg, eg vitna og vart ansvarlig ( Arman, 2015, s 107). Dette krev at ein reflekterer og er villig til å nærme seg den andre sin verden og virkeliget. Det at ein etikk er medmenneskelig er å ha den djupaste respekt for det mennesket ein har framfor seg og at det mennesket eig sin verden, sin historie og sjølv om eg alltid vil vera farga av mitt liv og min livsverden er det å gjera godt større i meg og noko som kanskje kan gjer at eg klarer å setja meg sjølv tilsides.

Budet om kjærlighet til nesten sin er det naturligste av alle bud (Løgstrup, 2014, s 13-17) og nesten er den som trenger hjelp uten at ein kan venta å få noko igjen. Uten medlidelsen og barmhjertigheten sine muligheter ville me ikkje kunne forstå ett anna menneske sin vanskjebne seie Løgstrup. Det å snakke i sammen kan vi kun i tillit til at det som blir sagt blir tatt opp slik det er meint.

I den ontologiske tradisjon står relasjonar sterkt; det at den eines liv er knytt saman med den andres gjer at den etiske fordring får sitt innhald. Den etiske fordring går ut på å ha omsorg for den andres sitt liv, ein er i kraft av den samanknytninga ein har til andre prisgitt andre menneske (Løgstrup, 2014, s 12).

Løgstrup former etikken nedenfra, fra situasjonen av (Martinsen, 2015, s 46-48). Vi er vevd samen i den andre sin skjebne og den andre i min, me angår kvarandre. Desse grunnvilkåra som er ontologisk gitt høyrer til i tilværelsen der me i vår sårbarhet og avhengighet er utlevert til kvarandre. Etikken veks fram av den spontane godhet livet er gitt av dei suverene livsytringane, me vert holdt oppe av livets bevegelser mellom livshåp og død. Livsytringen er det som gjer at den enkelte er fri til å handla og gjer den innsats det kreves av han. Den enkelte har aldri med et annet menneske å gjera uten at han holder noko av den sitt liv i sin hand (Løgstrup, 2010, s 25). Væremåten vår kan bety mykje for kva me får til i samspelet. Etikken sine grunnfenomen er å våge seg fram mot den andre i situasjonen ut ifrå ein tillit til at den andre vil ein vel (Martinsen, 2015, s 49-50)

Det vil alltid vera noko med eit anna menneske som du som pleiar ikkje vil forstå, og dette kan du verken kontrollere eller skal du kontrollere, vår kunnskap om pasienten som subjekt kan aldri bli fullstendig (Nortvedt, 2016, s.117). Her ligg ei viktig etisk innsikt og ein respekt for at andre mennesker er annerledes enn oss, men me kan anerkjenne det og respektere at dei er annerledes enn oss.

De andre sin uersattelighet for den enkelte er grunnleggande knytta til det ein kan kalla tilværelsens ufravikelige grunnvilkår: avhengighet, sårbarhet, dødelighet, våre relasjonar sin skjørhet og eksistensiell sårbarhet (Vetlesen, 2009, s 53). Sjølv om ein i det moderne samfunnet er opptatt av treenigheten med individ-frihet-valg så er det grunnvilkåra som rammar inn vår eksistens ifølge Vetlesen, desse vilkåra har me ikkje valgt og me kan ikkje velga dei vekk, dei minner oss om at det er grenser, dei minner oss om at interdependensen er ein realitet; me er henvist og vikla inn i kvarande sine liv slik at eg alltid i møte med eit anna menneske holder noko av den sitt liv i mine hender som Løgstrup seier. Eg gjer ein forskjell i andre sitt liv, og den andre i mitt, kor stor den er avheng av situasjonen sin karakter.

## 2.3 Anna relevant litteratur

### 2.3.1 Sjukepleie til den eldre pasienten

Det å anerkjenne og respektere den enkelte som ein unik person med sin eigen identitet og sjølvforståing er å ivareta det mennesket sin personlege integritet (Kirkevold, Brodtkorb, Ranhoff, 2014, s 97-103). Dersom målet er å ivareta den enkelte sin integritet er det ifølge Levine (1991) like viktig for sjukepleiaren å fokusere og støtte dei grunnleggande biologiske prosessane som dei psykososiale prosessane, sidan integritetsbegrepet spenner frå den menneskelige organismen på mikronivå til mennesket innafor dets sosiale livskontekst. Det å etablere ein ivaretakande relasjon mellom pasient og pleiar er ein viktig forutsetning for å kunna gi integritetsbevarande sjukepleie.

Vidare seier Kirkevold at ein god interaksjon mellom sjukepleiar og pasient alltid er basert på god kommunikasjon og gjensidig respekt. For å få dette til krev det at sjukepleiaren verdset pasienten sin erfaring og at samhandlinga deira bygger på likeverd, samarbeid og avhengighet (Kirkevold, Brodtkorb, Ranhoff, 2014, s 108). Alt etter pasientens sine forutsetningar, ynskjer og behov vil relasjonen ha ulik nærleik og dybde, men det vil vera sjukepleie med utgangspunkt i den enkelte pasient sine opplevingar, verdiar, ynskjer og behov som også vert kalla personsentrert omsorg. Nasjonale retninglinjer anbefaler denne tilnærminga i arbeidet for å møte pasientane sine psykososiale behov (Helsedirektoratet, 2019). Sjølve begrepet er det Tom Kitwood som har utvikla som ein omsorgsfilosofi og hovudfokuset er å skapa eit miljø prega av trygghet og anerkjennelse både for pasient og pleiar (Kitwood, 2006).

Brodtkorb skriv om dette å møte den gamle som eit heilt menneske, at ein ikkje utelukkande ser på stell av den eldre som eit infeksjonsførebyggande aktivitet, men at sjukepleiaren som er oppmerksom og engasjerere seg i pasienten sine opplevingar og reaksjonar ivaretar pasienten ikkje berre fysisk, men emosjonelt og relasjonelt. Med andre ord ivaretar pasienten både som kropp og som person (Kirkevold, Brodtkorb, Ranhoff, 2014, s 175-176). Vidare seier ho at det å vera sensitivt tilstades i augenblikket er sentralt, gi god tid, vera tålmodig og vera henvendt mot

pasienten på ein individuell måte. Men dette forutset at du som pleiar kjenner den gamle både som den personen han eller ho er nå og den dei eingong har vore.

Hauge (Kirkevold, Brodtkorp, Ranhoff, 2014, s 276) referer til at mange institusjoner tilbyr aktiviteter til dei eldre som bur der som i stor grad er i ei passiviserende form og dei eldre er mottakar. Altfor få aktiviteter er basert på at dei sjølv skal bidra, og ho viser til at skrivekurs og utforsking av det som eit tilbud slik Synnes mfl (2003) har gjort har pasientane uttrykt livsgelde og engasjement. Spesielt når dei vart utfordra til å skriva dikt eller forteljingar som etterspurte kunnskapene og erfaringane deira.

Torbjørnsen (Kirkevold, Brodtkorp, Ranhoff, 2014, s 544-545) seier noko om dette med levd liv og at når ein er yngre er opptatt av kva livet skal bli, medan ein i livets siste fase er mest opptatt av kva det vart. Av den grunn er det naturleg at dei fleste eldre snakkar mest om livet dei har levd. Utfordringen for den eldre og for dei ein snakkar med er å finn fram til kva som har gitt meining og som fortsatt gir meining til livet.

Miljøarbeid er noko ein nyttar for å oppnå endring hjå enkeltpersoner eller grupper med tanke på auka mestring og høgare livskvalitet, og begrepet aktiv omsorg innebærer at ein nyttar kultur og aktiviteter i dette arbeidet ifølge Lorentzen (Disch, Lorentzen & Midtsundstad 2017, s 27). Evnen til å lytte, vise empati og ha god evne til kommunikasjon er fundamentet i godt miljøarbeid siden det alltid dreier seg om relasjonar mellom mennesker.

### 2.3.2 Helsefremmende skrivning

Alle mennesker lever eit slags dobbeltliv, eit indre liv som i utgangspunktet berre er synleg for oss sjølve og eit ytre liv som er synleg for andre. Så lenge ein ikkje gir uttrykk for våre tankar og følelsar så vert dei kun våres og ingen andres. Andre mennesker kring oss kan ha ein tanke, ei formeining om kva som foregår inni oss som er basert på deira eiga tolking og analyse, og det å kommunisere det indre livet til våre omgivelser er ikkje noko alle har like god trening i. Det å arbeide med helsefremjande skrivning krev at ein skaper ein trygg og åpen kontakt mellom den indre og den ytre verden (Wold & Uverud, 2018, s 142-143).

### 2.3.3 Personcenteret omsorg

I nasjonale planar og føringar inn mot eldreomsorga er anbefalinga at ein skal arbeida personentrert. Det å arbeida personentrert handlar om å ta pasienten sitt perspektiv og prøve å setje seg i pasienten sin stad for å ivareta hennar eller hans interesser (Kitwood, 1999/1997). Men like mykje handlar personentrert omsorg om å ivareta seg sjølv som pleiar og menneske. Slik eg ser det kan dette koblast ilag med Katie Eriksson (Eriksson & Lindstrøm, 2003) sin tanke om caritative vårdande: når helsepersonell inviterer og tar imot pasienten i ei ånd som er uselvisk og prega av vilkårslaus kjærleik. Begrepa som «vård» og «vårdande» handlar om og berører mennesker sin grunnleggande eksistens. Skal ein tenka seg omsorg skal bli evident i praksis kan grunnbegrepa ansa, leka og læra nyttast som søkelys for at me kan sjå omsorgens verden på ein ny måte.

I «ansningen» kan menneske få ein opplevelse av å bli akspert, i «leken» kan menneske oppdaga sine evner medan «læring» er fundamentalt for mennesket sin eksistens, og ein har behov for tru og håp for å kunna leva fullt ut som menneske (Eriksson & Lindstrøm, 2003).

Løgstrup var opptatt av dei suverene livsytringar og den tydligaste livsytring er når ein er utlevert eller overlatt til andre slik ein er i ein omsorgs- situasjon så er tillit til den andre, til den som skal hjelpa den tydelegaste livsytring (Løgstrup, 2010, s.17-33). Tillit er det som me tar for det mest naturlege i møte med andre menneske; det menneskelege møte er i hovudsak bygd opp av tillit. Det er ingenting som eit menneske reagerer sterkare på enn misbruk av tillit, og det uavhengig av om det er store eller små ting som står på spel. Fordring har ikkje språk, den er ei taus handling. Vidare skriv Løgstrup at vår væremåte kan bety mykje fordi me har aldri med eit anna menneske å gjera utan at me held noko av den sitt liv i våre hender. Ved vår holdning til kvarandre er me med å gi verden ei form og figur for kvarandre, ein kan seie ein er med å gi det verdi og innhald

#### 2.3.4 Refleksjon

Bie (2020, s 9) seier ein kan ein sjå på refleksjon som eit reiskap til å knytta teori og praksis saman med dei erfaringane den enkelte gjer seg. Vidare skriv Bie (2020, s. 15-17) at ved å reflektere kan ein problematisere det som elles ville bli tatt for gitt. I ein læringsorientert refleksjon handlar det om å bli oppmerksom på noko ein ikkje elles ville ha sett eller høyr. For praksis betyr det at du overfører kunnskap frå ei erfaring du har gjort deg ein eller fleire gonger i ulike sammenhengar til andre situasjon fordi du ved bruk av refleksjon forstår sammenhengar og ulikheter på ein djupare måte. I refleksjonsprosessen vert du utfordra av dine eigne tankemønster, følelsar og det du trur på og ein kan oppnå å få ei individuell og fleksibel tilnærming til din rolle som sjukepleiar.

### 3.0 Tidligere forskning

Det å finne tidligere forskning som direkte tar opp problemstillinga i denne studien har vore utfordrande. Det finnes ein god del forskning som handlar om dette med kreativ skiving som terapi ved livstruande og alvorlig sjukdom og om dette med å skrive ut si eiga livshistorie for eksempel. Det er også gjort ein del forskning der sjukepleiestudentar nyttar dette med å skrive livshistoren til pasientane for så å skrive ein logg om det. Det er derimot lite som handlar om helsepersonell sine opplevingar eller erfaringane og kva det eventuelt har gjort med dei sjøve som er tematikken i denne oppgåva. Det er skrive ein del nyare omsorgsvitenskapleg forskingsartiklar i som handlar om kreativ skiving og to av desse vil bli presentert. Det er også valgt å inkludere ei forskning om muikkterapi siden det kan ha betydning for heilskapen i oppgåva.

Databaser som er nytta til artikkelsøk er: Cinahl, SveMed+, Medline, MedlineBase, Amed og PsycINFO.

Problemstillinga valgte eg å legge inn i eit PICO skjema for å kunna finne søkeord og i ein kvalitativ undersøkelse kan ein slå saman C og O.

|                        |                                    |
|------------------------|------------------------------------|
| P: Pasient/problem     | Eldre på institusjon               |
| I: Intervensjon        | Skriveverksted                     |
| Co: Comparison/Outcome | Dei ansatte si oppleving av mening |

Søkeorda som er nytta er: nursing home, residential facilities, nursing home patients, writing/write, creative writing, nursing home personnel, storytelling, creative expressions, therapeutic writing, narratives, staff nurses and human dignity. Søkeorda er brukt åleine og i kombinasjon med kvarandre.



Med dette som hjelp og god støtte frå bibliotekarar på HVL campus Stord og Haugesund tilstreba eg systematiske søk i omtalte databaser, sjå vedlegg 1.

Første søket i Cinahl gav 42 treff

Siden dette gav relativt få treff vart det viktig for meg å ikkje legge fleire søkeord til slik at det vart enndå smalare. Søkeorda som vart vurdert var caregivers, nurse role, professional- patients relation, nurse og caring.

Eg valgte å lese abstraktet til alle desse 42 og av desse fann eg at to var av mulig relevans for mi forskning. Det viste seg at det var dei ikkje direkte, den eine handla om student i praksis og den andre om terapeutisk skriving.

Nytt systematiske søk vart gjort i Cinahl og ved bruk av søkeord som storytelling or writing or creative writing or timelips ( ein metode) and nursing home personell or staff nurses and human dignitiy or experiences or perceptions or attitudes of views fann eg 20 artiklar eg las igjennom abstrakta til utan at det gav meg noko nytt i for hold til tematikken eg var intressert i.

Eg valgte også å søke med søkerord som creative storytelling intervention og fekk 5 treff og på creative expression intervention og fekk 6 treff.

Eg valgte også å ta eit søk i Goggle med søkerord kreativt skriveverksted for eldre og då fekk eg opp ein del avisartiklar som omtala kreativt skriveverkstad for eldre og enkelte av dei sa ein del om kva det hadde betydd for den eldre, men heller ikkje her fant eg noko som sa noko om opplevinga til helsepersonell som var med som hjelperar.

Manuelle søk vart gjort kvar gong eg kom over ein artikkel som var av interesse, og det har ført til at eg fant fram til lovverk, NOUer og artikler. Det vil i pkt 3.1 og pkt 3.2 bli presentert fire utvalgte artikler og hovedoppgåver.

### 3.1 Omsorgsvitenskapelig forskning

I artikkelen *Caring in Creative Writing- a case study* beskriv Forsell, Nyholm, Koskinen (2019) den naturlege omsorg for menneske gjennom kreativ skriving. Naturleg omsorg kan sjåast på som ein evne menneske har til å bry seg om seg sjølv og andre og på det viset på ein konstruktiv måte regulere relasjonen med seg sjølv og til andre. Dei har sett nærmare på kva det er i kreativ skriving som kan gi omsorg til menneske. Det nye som denne studien fant var kunnskap om kor viktig det er for mennesket å vera i kontakt med si eiga tidslinje i deira eige liv. Vidare seier dei at desse funna samsvarer med Rykkje (2014) som beskriv kontakt med seg sjølv som refleksjon, ei indre kraft og kontakt, som ei drivkraft vert uttrykt gjennom kjærlighet til seg sjølv. Ein såg at kreativ skriving kan gi ein mulighet til å praktisere naturleg omsorg i henhold egne ressurser og vera ein styrke, ein tilførelse til klinisk omsorg. Funna har gitt kunnskap om kreativ skriving som hjelp i bruken av omsorgs kontekster.

«A caring science study of creative writing and human becoming» er ein artikkel av Sandback Forsell, Nyholm og Koskinen (2021) som har som mål å få ei djupare forståing av «human becoming», det å bli til eit menneske ved å bruke kreativ skriving med omsorgsvitenskap som det teoretiske fundamentet og kvifor kreativ skriving kan realisere «human becoming». Tidligare forskning syner eit stort potensiale her som forfattarane ynskjer å sjå nærare på i eit omsorgsvitenskapelig lys. Resultatene fra denne studien viser at kreativ skriving hjelper forfattaren til å tiltru til seg sjølv og til å holda motet oppe for framtida sjølv om kreativ skrivning kan føra til skuffelse over det nye bildet ein får om seg sjølv som er ulikt det ein hadde forventa. Ein ser også at dannelsen til å bli eit menneske, human becoming, er forbedra ved bruk av kreativ skriving på ein heilskepeleg måte.

Doktoravhandlinga «Å bry sig» av Karlsson (2013) gir form til korleis kjernebegrepet omsorg og grunnbegrepa sanse, leke og lære kan komme til uttrykk i praksis. Det er mennesket sjølv i form

av sine omsorgsfulle gjerningar som er den eininga og ein kan seia den virksomme substansen som ligg til grunn for kunsten i omsorg. Det handlar i hovudsak om at omsorgsgivaren er medviten på seg sjølv i relasjonen til den andre og har ei medviten haldning til sitt indre ethos og er tru mot å tjena i tru, håp og kjærlighet. Når mennesket bryr seg om tillater det å vera på plass som menneske og på plass i seg sjølv.

### 3.2 Anna relevant forskning

I Tone Sæther Kvamme sin artikkel «Nye handlemuligheter med musikkterapi for personer med demens» frå 2017, vektlegg ein at musikkterapi er ei personorientert tilnærming som kan muliggjera at ein får tilgang til minner, følelsar og personleg identitet. Ein kan ved individuelt tilpassa musikkterapi gi personar med demens nye handlemuligheter med at musikkterapeutten tilbyr rammer for aktivitet og meistring, emosjonell regulering og meningsfulle relasjonar. Dette kan også indirekte komme til uttrykk ved at musikkterapeutten arbeider for endring av verdier i samfunn og pleiekultur slik at respekt, ivaretakinge av rettigheter og sjølvbestemmelsen til den enkelte aukar.

## 4.0 Metode

Den metodiske tilnærminga som ligg til grunn for denne masteroppgåva er kvalitativ metode. Kvalitativ metode kan nyttast når ein søker ontologisk forståing av eit tema og det er begrensa med forskning på det frå før. Det er valgt kvalitativ forskning som den metoden som best kan svara på oppgåva sitt forskningsspørsmål siden hensikten i kvalitativ forskning er å undersøke korleis fenomen kan forståast og erfarast (Malterud, 2018, s 30-31). Forskningsspørsmålet er opptatt av erfaringen helsepersonell får med å delta på kreativt skriveveksted for eldre, kva meining har det for dei. Det er tatt eit djupdykk i erfaringa dei sit med og ein har sett på om det er noko felles for informantane i denne erfaringa.

Alle val som er tatt gjennom heile prosessen, frå før intervjuene med informantane, forskningsetikk til gjennomføring av studien og til analysen var gjort ferdig vert beskrive i dette kapitlet. Det vil også bli beskrive ei teoretisk forståing av metoden og gi ei kritisk vurdering av den.

### 4.1 Kvalitativ metode

Kvalitative metoder bygger på fenomenologi som er teorier om menneskelig erfaringer og på fortolkning av denne, nemlig hermeneutikk. Fenomenologiske og hermeneutiske teori vert presentert og knytta saman med denne studien.

Ein nyttar kvalitativ forskning når ein har eit problem ein vil sjå på som ikkje består av stabile fenomen som kan målast og setjast saman som objektive fakta, men ein ynskjer å få tak i det spesielle og komplekse med ein situasjon eller ei erfaring ( Creswell & Poth, 2018, s 45). Me kan også nytta det til å få vita meir om menneskelege eigenskapar som erfaringar, opplevingar, tankar, forventningar, motiv og haldingar, og me kan spørja etter meining, betydning og nyanser av hendingar og åtferd (Malterud, 2013, s 27). Kjennetegna er at den er sensitiv for kontekst og involverer forskaren, og ofte er forskaren tilstades med si eiga erfaring. Det er ein induktiv

prosess, frå det spesielle til det generelle, ein nyttar kunnskap frå enkelttilfelle til å kunna sei noko om eit allment nivå. Ein kan seie at forskaren er sentral og medvirkande reiskap i kvalitativ forskningsmetode og ein bygger på det fortolkande paradigme der ein set subjektet i sentrum på ein forpliktande måte (Malterud, 2013, s 27).

#### 4.1.1 Fenomenologi

Vidare er det valgt å få svar på forskningsspørsmålet ved å nytte ein vitenskapstradisjon som er erfaringsorientert nemleg fenomenologien, der merksemda er retta mot subjektet og slik subjektet erfarer verden (Thornquist, 2018, s 22). Forståing av mennesker sine subjektive erfaringar og medvit vert kalla fenomenologi (Malterud, 2013, s 28).

Det er fenomenet som er undersøkelsen sitt objekt, ikkje personen. Ein forsøker å finna den felles meininga med fleire personar si erfaring med eit fenomen og sjå på det som er felles og universelt (Creswell & Poth, 2018, s 75-77). Dette er aktuelt sidan det er helsepersonell si oppleving ein her var interessert i, for i neste omgang å sjå seg om ein kan finna noko universelt i dette.

For å kunna forstå praksis og praksis sin eigenart er fenomenologi velegna siden det er den levde erfaringsverden ein forsøker å forstå (Thomassen, M. 2018, s 170-171). Fenomenologi står i motsetning til einsidig fokus og vektlegging av intellektuell og vitenskapelig refleksjon som går på bekostning av livserfaring, sunn fornuft og praktisk erfaring. I fenomenologien kallar ein den verden ein lever i til dagleg og som ein har erfaring og fortrolighet med for livsverden, med andre ord er dette mennesket sin primære form for erkjennelse og kjem føre all kunnskap og vitenskap. Fenomenologi forsøker systematisk å forena filosofi, vitenskap og liv (Thornquist, E. 2018, s.104-105). Fenomenologi er meir enn ein individ- og følelsesorientert retning, kor ein empatisk lever seg inn i andre menneske sin verden. Fenomenologi er kunnskapsteoretisk og erfaringsorientert vitskapsmetode. Grunnleggaren av fenomenologien, Edmund G. A. Husserl (1859-1938), forklarar dette med å forstå kunnskap, kunnskapen sin natur og vilkår, og hans hovudinteresse var å undersøke bevisstheten. Dei empiriske fenomena var ikkje hovud

interessa, men måten fenomena er gitt vår bevissthet på. Intensjonalitet er det som kjennetegner bevisstheten. Med dette kan ein forstå at bevisstheten er aldri tom, men retta mot noko og ein bevissthet om noko (Thornquist, E. 2018, s.102) Oppmerksomheten vert retta mot verden slik den vert erfart for subjektet.

I ei fenomenologisk utforsking av praksisfeltet studerer ein fenomenar frå eit «innafrå-perspektiv» og eit «nedanifrå-perspektiv» (Thomassen, 2018, s. 82-85), og i denne undersøkinga undersøkte ein korleis skriveassistentane opplevde og erfarte det å delta på skriveverkstad som skriveassistentar for dei eldre. Kva meining gav det for personen for å få innafrå-perspektivet, medan nedanifrå-perspektivet er sjølv «saken», beskrivelse av kva er ein skriveverkstad er og korleis den vert utført osv.

Livsverden kan ein sjå frå ulike perspektiv, men samtidig er livsverden ein oppfatning for fellesmenneskelige erfaringer, opplevelser og forståingar (Thornquist, E. 2018, s.108-112).

Kritikken som er retta mot fenomenologi spesielt frå sosialfilosofisk og samfunnsvitenskapleg hald er at den har lite forståelse for sosial kontekst, historisk og kulturell variasjon både språklig og muntlig, herav også at den ikkje tek høgde for maktforhold i samfunnet. Spesielt frå hermeneutikk hald er dette med språk vektlagt som noko som kan gjera private erfaringar felles og ein kan ta del i kvarandere sin erfarings- og meningsverden (Thornquist, E. 2018, s.161-162)

#### 4.1.2 Hermeneutikk

Hermeneutikk vert kalla fortolkingslære sidan ein i hermeneutikken jobber med spørsmål knytta til forståing og fortolkning. Den var i utgangspunktet opptatt av å forstå og tolka religiøse og juridiske tekstar, men har utvikla seg til å ha fokus på alle slags skriftlige produkter og vidare til å inkludera ulike former for meningsfulle uttrykk som kunst, arkitektur, sosiale institusjonar og ikkje minst menneskleg handling og samhandling. Det starta som ein metodisk orientert hermeneutikk der målet var å oppdage den opprinnelige meining og den korrekte fortolkning, men etter kvart gjekk ein vekk frå denne tradisjonelle hermeneutikken og over til ein meir filosofisk hermeneutikk der forståing er eit grunntrekk med det å vera menneske; ein er i verden som forstående og fortolkande vesen (Thornquist, E. 2018, s.23-24). Ein kan sei det vart eit

perspektivskifte frå metode og epistemologi med Schleiermachers og Dilthey som grunnleggjare, til ontologi der Heidegger og Gadamer var dei sentrale tenkerane (Thornquist, E. 2018, s.169).

Desse ulike retningane innan hermeneutikken har vore og er fortsatt gjenstand for debattar om ulikheter og fellestrekk.

I hermeneutikken er ein opptatt av å drøfta vilkåra ein har for forståing og fortolkning for så å spørja seg kordan ein kan gå fram for å oppnå fruktbare og gyldige fortolkningar.

Hermeneutikken hjelper oss med andre ord til å forstå korleis ein forstår og kordan me kan gi verden meining (Thornquist, E. 2018, s.167). Vidare seier Thornquist at hermeneutikken sitt område er meingsfulle fenomenar som handlar om menneskelige aktivitetar i seg sjølv, som dans og teater, så vel som resultat eller produktar av desse.

To sentrale begrep i hermeneutikken er forståelseshorisont og fordom. Der forståelseshorisont er våre samla oppfatningar, erfaringar og forventningar medan fordom, som i Gadamer sin tankeverden, er eit nøytralt begrep som viser til at noko går føre og forut: for-dom. Ein kjem til saken, teksten, handlingane, omgivingane og situasjonane med ein tankemessig og erfaringsmessig ryggsekk som er med å bestemme det me forstår eller tolkar, det er ein erkjennelse av at med alltid allereie har ein forutforståing (Thornquist, E. 2018, s.169-172).

I hermeneutikken nyttar ein tolkning av menneskelege uttrykk som utgangspunkt for forståing. Når det kjem til tolking av tekst legg hermeneutikken spesielt vekt på forholdet mellom delar og heilskap, med sterk vekt på betydningen av kontekst og sjølvrefleksjon også kalla den hermeneutiske sirkel (Malterud, 2013, s 28).

Kvar gong me forstår ein del av virkeligheten vil det påvirke vår oppfatning av heilheten. Ein kan seie det er ein dynamisk prosess som pendlar mellom del og heilhet i eit forsøk på å forstå begge delar best mulig. Sirkelbegrepet er kritisert sidan det gir assosiasjonar til repetisjon, til at noko gjentas på nøyaktig same måte. Hadde ein nytta begrepet spiral ville det antyda ein vidare bevegelse, at kvar spiralsbevegelse vil gi auka forståing og forskaren foretar ein kontinuerlig fordjuping for å få djupare innsikt (Thornquist, E. 2018, s.171).

## 4.2 Forforståing

Erfaringen, den faglige kunnskapen, hypoteser og teoretiske grunnlaget ein har når ein går inn i eit forskningsprosjekt er forforståinga. Alle har ein ryggsekk med desse elementene med seg og det kan gi motivasjon til å starte på eit forskningsprosjekt og i beste fall gi styrke og næring til prosjektet, men det kan også hindre at ein ser nye sider med prosjektet undervegs (Malterud, 2018, s 44-45). Er ein lite open for andre element enn det ein sjølv hadde med seg inn kan det gjer at ein overser det kunnskapsgrunnlaget som ligg i empirien. Det å vera bevisst kva mitt utgangspunkt er for det eg ser og observerer kan vera ein ressurs i forskningsprosessen siden det kan gi spesielle forutsetningar for innsikt og forståing i det enkelte fagområdet, men det kan også vera ei kilde til ei skeiv kunnskapsutvikling, ein bias (Malterud, 2018, s. 20-21). Vidare seier Malterud at sjølv om dette er nesten umulig å eliminerer i dei fleste former for medisinsk forskning er det viktig er at ein erkjenner og overveier betydningen av sin eigen ståstad i forskningsprosessen og at denne refleksiviteten er ein forutsetnad for utvikling av vitenskapleg kunnskap.

Mi grunnutdanning som sjukepleiar med spesialkompetanse og interesse for geriatri og vegleiing, og nå med denne masteren som gjer meg tryggare som omsorgsvitar, samt yrkes erfaringa eg har, er grunnlaget for mi forforståing. Utdanninga og erfaringen eg har og ikkje minst den familekulturen eg er vaksen opp i som var prega av historeforteljing som eit bindeledd mellom mennesker og generasjonar har forma meg til den eg er i dag. Det er ein del av min identitet og er ein del av min ryggsekk som eg tek med meg rundt i mine møter med andre mennesker.

Mi forforståing står sentralt i denne studien siden eg sjølv hadde ei slik sterk oppleving av at «noko skjedd» med meg sjølv når eg var skriveassistent. Min motivasjon var ei nysgerrighet på om dette var noko andre også opplevde og mine tankar var at dette kunne få betydning for meir enn her-og-nå opplevinga. Eg undra meg mykje over kva «dette» var og etter ein tilfeldig samtale med ei av dei som hadde deltatt sjølv som skriveassistent så fornemma eg at dette ikkje var noko bare eg hadde opplevd, det er som Malterud seier at min erfaring vil gi forståing til



informantane sin kontekst. Kvale & Brinkmann (2019, s 83-84) seier at kvaliteten på eit kvalitativt forskningsintervju avhenger mellom anna av forskaren sine kunnskaper om tema for å kunne stille relevante spørsmål. For å vera medviten at min forforståelse ikkje skulle overdøva budskapet frå det empiriske materialet har det under heile prosessen i datainnsamlinga vore ført forskardagbok der mitt faglige perspektiv og forventningar til kva eg skulle finna vart beskrive. Denne er nytta aktivt når eg lagde intervjuguiden, gjennom intervjuene og under etterarbeidet med transkribering og analysen. Forskardagboka har vore ei hjelp til å prøve å stille meg så åpen og undrande som mulig til den enkelte informant sin subjektive opplevingar. Kvale og Brinkmann (2019, s. 268) seier at ein skal på fenomenologisk vis forsøka å setja sine egne begrep i parentes, noko som har vore ei trening i bevissthetsarbeid for min del under heile datainnsamlinga. Det er eit generelt trekk hjå menneske at ein forstår verden utfrå sin eigen forforståelse hevdar dei vidare, og det kan føra til at ei teoretisk lesing av intervjutekstane vert ei eingsidig tolkning. Ein bør prøve å tilstrebe at ein lyttar opent og følsomt til informantane og at les intervjutekstane med same innstilling.

### 4.3 Framgangsmåte

Når prosjektskissa var godkjent vart det søkt om godkjenning av prosjektet til Norsk Senter for forskningsdata, NSD. Etter at NSD hadde godkjent studien søkte eg via leiar på avdeligane skriveverkstadene var gjennomførte etter informantar, det var utarbeida eit informasjonsskriv som aktuelle informantar fekk tilsent via sin leiar. I dette informasjonsskrivet stod formålet med studiene og kva det innebar for dei å vera med. Det meldte seg to informantar som var helsepersonell og som hadde deltatt på begge skriveverkstadene. Intervjuene vart gjennomførte kort tid etter at dei hadde meldt si interesse.

Medan dette arbeidet pågjekk var eg usikker på om det var nok med to informantar, eg opplevde at det var behov for å rekruttere fleire informantar for få eit breiare utval. Etter samtale med min vegleiar i januar 2020 valte eg å utvide det til ein tredje skriveverkstad som fann stad haust 2019 sidan ikkje var mulig å få rekruttera fleire frå dei to opprinnelige

skriverkstadene. Eg tok kontakt med leiar i den aktuelle kommunen og all kontakt om å formidle informasjon og rekruttering gjekk gjennom vedkommande. Skriveverkstaden haust 2019 var eit tilbod til heimebuande eldre i ein annan kommune enn dei to første skriveverkstadene, og her var det personalet på dagsenter som var skriveassistentar. Inklusjonskriteriene vart endra til å gjelda fast ansatte i pleie og omsorg i kommunal helsetjeneste .

Fordi prosjektet deretter vart utsatt i 1,5 år på grunn av min arbeidssituasjon vart ny søkand sendt og godkjent av NSD om utsettelse av prosjektet sin sluttdato.

### 4.3 Utvalg

Eg nytta eit hensiktsmessig strategisk utval for å få tak i informantar. I kvalitative studier er det å utvikle beskrivelser og analyser av karatertrekk og egenskaper med fenomen som er målet (Malterud, 2018, s. 57-58). Vidare seier Malterud at informasjonsstyrke er eit betre kriterium for eit kvalitativt utval enn representativitet, og eit strategisk utval er samensatt med ei målsetning om å belyse problemstillingen best mulig. Dersom ein har eit strategisk utval med god informasjonsstyrke kan det gi eit godt grunnlag for utvikling av kunnskap om kjenntegn og meining ( Malterud, 2018, s 63). Eit fellestrekk med kvalitativ forskning er at utvala er små, og dette er hensiktsmessig i mitt prosjektet der det er å få ei djupdeforståing av informantane sine subjektive opplevingar som er målet. Kvale og Brinkmann ( 2019, s 148) seier at ein skal intervjuje så mange personer som det trengs for å få svar på det ein lurar på. Utvalget i dette prosjektet er ansatte i pleie og omsorg, og vidare var inklusjonskriteriet at dei er utdanna helsepersonell og hadde deltatt som skriveassistentar på eit eller fleire skriveverkstader i aktuell kommune i 2018. Eit tenkt antall deltakarar var frå to til fire, og dersom det hadde blitt fleire ville eg vurdert å ha fokusgruppe intervju med maks antal på seks personer.

Det vart klart for meg at det vart eit for lite utval etter at eg hadde hatt dei to intervjuene og transkribert matrialet, så det var eit behov for å utvida søket etter informantar til ein tredje skriveverkstad som fant stad haust 2019 i ein anna kommune enn dei to andre

skriveverkstadene og då for heimebuande eldre. Det vart ein stykre i utvalet at informantene er frå ulike kommunar. Det førte til at inklusjonskriteriene vart endra, fortsatt er det personell som har deltatt som skriveassistentar, men eg valte å endra helsepersonell til fast ansatte i pleie og omsorg med fagutdanning. Det var også frivillige med som skriveassistentar, men utifrå problemstillinga mi så er det erfaringa til dei som arbeider i tenesteområdet som denne forskinga vil sjå nærmare på og om det er noko nytt å lære her. To nye informanter meldt si interesse slik at eg stod igjen med fire informantar totalt i dette prosjektet. Alle desse fire hadde fagutdanning; både videregående og høgare utdanning. Alle hadde lang arbeidserfaring.

## 4.4 Datainnsamling

Datainnsamlinga vart gjort via dypde intervju med fire personar som er helsepersonell og fast ansatt i pleie og omsorg og som hadde erfaring som skriveassistentar.

Individualintervjuer er å foreta rekke når ein ynskjer å gi deltakerane tid og rom til å henta fram erfaringar og refleksjoner som krever trygghet og ettertanke for å delast. Det er gjennom ord ein skaper den virkeligheten som ein er ein del av, og ein samtale mellom mennesker innheld både informasjonsutveksling og sosial samhandling (Malterud, 2018, s. 133-134).

### 4.4.1 Gjennomføring av intervju

Intervju guide vart utarbeida for å sikre at ein gjennomfører intervjuet strukturert og systematisk. Samstundes skal ein huske på at ein intervjuguide ikkje må bli for detaljert eller at ein vert for fokusert på å følge den slavisk. Ynskjer ein å få vita noko som ein ikkje visste frå før eller få opna opp for nye spørsmål angående problemstillingen kan ein tenka på intervjuguiden meir som ei huskeliste ( Malterud, 2018, s 133-134). I kvalitative intervjuer vil det vera ein fordel om ein revidere og tilpasser spørsmål og at samtalen får preg av ein naturleg samtale meir enn spørsmål og svar.

Det var satt av ein time til kvart intervju, som etter ynskje frå informantane vart gjennomført på arbeidsplassen. Alle informantane hadde fått informasjonsskriv om mål og hensikt med studien og kva det innebar for dei å vera med. Dette vart gjentatt i starten av intervjuet og dei skreiv også under på samtykkeskjema. Informert samtykke skal sikre at deltakerne deltar frivillig og at dei er orientert om kva rettigheter dei har ( Kvale og Brinkmann, 2019, s 104-105). Dette er eit prinsipp som respekterer menneske sin sjølvstendige evne til å fatte beslutningar og at ein ikkje gjer noko som kan skada dei. Alle intervjuet vart tatt opp på lydbåndopptak, det vart tatt opp på ein diktafon og seinare overført til HVL sin forskningsserver kor kun eg og min vegleiar har tilgang. Alle lydfilet vert sletta etter at studien er ferdig. Dette fekk informantane informasjon om.

#### 4.4.2 Transkribering

Datamaterialet vart så transkribert. Eg transkriberte intervjuet fortløpande etter eg hadde hatt dei sommaren 2019 og vår 2020, men valgte å ta ein runde til med transkribering etter nokre månader for å vera bevisst på å få med «stemninga» i intervjuet ved å notere pausar, nøling osv. Dette gjorde eg ikkje i første runde med transkriberinga. Eg opplevde at eg trengte ro og god tid til å konsentrere meg om intervjuet og transkriberinga av desse og at dette arbeidet tok lenger tid enn eg først hadde planlagt. I kvalitativ analyse vil det alltid vera ein eller annan form for teksttolking, og under transkripsjon skal ein forsøke å ivareta så lojalt som mulig det oppringelige materialet for å få synleggjort deltakerane sine erfaringar og meiningar slik det vart formidla under intervjuene ( Malterud, 2018, s 77-79). Ein må alltid huske at formålet med skriftleggjing er så sannferdig som mulig fange opp det som er informanten si meining og kva han eller ho vil formidla. Med dette som bakgrunn var det derfor viktig å ta ein ekstra runde med transkriberinga sjølv om dette var tidkrevjande. Eg transkriberte intervjuet sjølv og dette kan vera ein fordel ifølge Malterud ( 2018, s 79-80) for eg vil då gjera meg kjent med materialet frå ei ny side. Transkriberinga kan opna for eit nytt møte med teksten som kan føra til nye refleksjonar og slutningar enn då opptaket vart gjort. Vidare seier Malterud (2018) at ein skal vera obs på at transkripsjon ikkje er å sjå på som ei passiv og teknisk handling , men er å betrakta som ein del av den analytiske prosessen i ulik grad. Eg som forskar vil i kraft å vera i nærkontakt med materialet setja spor som kan påvirke meininga i teksten. Kvale og Brinkmann

(2019, s 206) seier at med å transkribera intervjuene frå muntlig til skriftlig form vert dei strukturerte slik at dei er egna for analyse, faktisk er det i seg sjølv ein begynnelse på analysen.

#### 4.5 Metode for analyse

Målet for denne studien er å framskaff gyldig og reliabel ny kunnskap og forståing om helsepersonell i pleie og omsorg sine opplevingar og erfaringar av eksistensiell omsorg ved å vera skriveassistentar på kreativet skriveverksted for eldre. Studien er altså inspirert av både hermenutikk og fenomenologi. Analysen fokuserer på eitt sett med data kilder, i denne masteroppgåva fire dybde intervju. Det å analysere kvalitative data er ein aktiv og levande prosess der forskaren granske funna sine nøye og ofte mange gonger på jakt etter meining og forståing (Polit & Beck, 2018, s 530-531). Ein skal i ein kvalitativ studie utvikle ny kunnskap, ikkje bekrefte andre sitt resultat, men bidra med noko som utvidar og utfordrar kunnskapsgrunnlaget som allerede eksisterer (Malterud, 2018, s.84) I ein fenomenologisk analyse er det ofte å føretrekke å sjå på heilheten og det kontekstuelle når ein tolkar funna (Polit & Beck, 2018, s 539), ein ser spesielt etter felles mønster. Giorgi har utvikla ein fenomenologisk analysemodell som har inspirert til Malterud sin tekstkondenseringsmodell (Malterud, 2013, s 96-97). Giorgi seier at formålet med denne analysen er å utvikle kunnskap om informantane sine erfaringar og livsverden innafor eit bestemt felt, me forsøker å leita etter essensar eller dei mest vesentlege kjennetegna med dei fenomena me studerer. Samtidig som me forsøker å fri oss eller setja til side vår eigen forforståelse i møte med data, også kalla bracketing. Giorgi beskriv ein prosedyre der analysen gjennomførast i fire trinn; å få eit heilskapleg inntrykk, å identifisere meiningsdannande einingar, å abstrahere innhaldet i dei enkelte meiningsdannande einingane og til slutt samanfatte betydinga av dette ( Polit & Beck, 2018, s 540)

Den fenomenologiske tilnærminga er å først skape og organisere innkomen data, så lese igjennom all tekst og marker med koder kvar dei forskjellige utsegna kan høyre til temamessig, for så å beskrive personleg erfaring og essensen av fenomenet før ein utviklar betydningsfulle utsegn og kategoriserer utsegna i meingsfelleskap (Creswell & Poth , 2018, s 199). Til slutt i

analyseprosessen vert det utarbeide ei skriftleg beskriving der ein synleggjer kva som skjedde, og ei strukturert beskriving om korleis fenomenet vart opplevd. Det å studere eit fenomen i den hermeneutiske fenomenologiske tradisjon betyr at vi ser ein situasjon ut ifrå dei kunnskapane me allerde har, og når me møter fenomenet har me mulighet til å beskrive det.

Eg har valgt systematisk tekstkondensering ( Systematic Text Condensation-heretter forkorta til STC) som analysemetode for denne oppgåva. Det er ein pragmatisk metode for tverrgående analyse av kvalitative data som er å anbefale til nybegynner som eg er, slik at ein systematisk og på ein overkommelig måte blir trygg på analyseprosessen ( Malterud, 2018, s. 97).

Det er fire trinn i STC:

1. Heilskapsinntrykk- frå villniss til foreløpige tema
2. Meiningsberande einingar- frå foreløpige tema til koder og sortering
3. Kondensering- frå kode til abstrahert meiningsinnhald
4. Syntese- frå kondensering til beskriveler, begreper og reslutater

(Malterud, 2018, s 98-111)

#### 4.5.1 Heilskapsinntrykk

I dette første trinnet i STC skal ein bli kjent med materialet, alt skal lesast igjennom og ein skal vurdere aktuelle temaer som kan vera aktuelle ( Malterud, 2018, s 99-100). I dette trinnet er det viktig at ein aktivt forsøke å setje si forforståing og teoretiske referanseramme til sides, men ein skal ha problemstillinga i bakhovudet i dette trinnet. Det å klara å stilla seg open til dei inntrykk som kjem fram i materialet er ein føresetnad når ein her ynskjer fugleperspektivet. Når alt er lest kan ein spørja seg kva foreløpige tema kan ein få auge på i teksten ( Malterud, 2018, s 99)? Fire til åtte tema som vekker oppmerksomheten vår tar me med vidare seier Malterud, og det er her STC er ulik andre analysemodeller som går mykje breiare ut med eit stort antal temaer. Desse tema gir ein så midlertidige namn.

Etter fire intervjuer var det 50 sider med transkribert matriale som eg leste igjennom fleire gonger der eg fargekoda mulige tema i teksten. Det resulterte i åtte mulige tema.

Desse kalla eg «intuitive» tema:

1. Glede
2. Opplevelse
3. Felleskap
4. Ringvirkninger
5. Minner
6. Ydmykhet
7. Hovudrolle i livet
8. Kobling før og nå

#### 4.5.2 Meiningsberande einingar

I denne delen av analysen legg ein vekk det matrialet ein ikkje skal studere nærmere (Malterud, 2018, s 100). Ein skal her gå frå fugleperspektivet som ein hadde i førre analysetrinn til å samle seg om nokre tema, og ein skal prøve å skape seg eit analytisk rom med fleire nyanser. I STC reknar ein ikkje heile teksten som meiningsberande einingar, og i trinn to går ein igjennom heile teksten linje for linje for å identifisere dei meiningsberande einingane, ein skal skilje relevant tekst frå irrelevant med fokus på den delen av teksten som kan belyse promlemstillinga (Malterud, 2018, s. 101). Dette er ei form for filtrering som er annleis enn analysemetoder som tar for seg heile matrialet slik som for eksempel Giorigi (1985), som Malterud sin tekstkondenseringsmodell baserer seg på. Målet er å finne det som skal vera med vidare, ikkje bare det som fanger eins oppmerksomhet ved første augeskast, og det er derfor ein går igjennom heile teksten på nytt grundig og systematisk.

Vidare skriv Malterud ( 2018, s.101) at ein her velger ut tekst som på ein eller annan måte ber med seg kunnskap om eit eller fleire tema frå trinn ein og som seier noko om oppgåva sitt tema, her kva meining helsepersonell opplever når dei var skriveassistentar. Desse meiningsbærande einingane kan vera korte eller lange og det er betre å ta med for mykje enn for lite.

Ein skal nå bruka dei foreløpige tema frå førre trinn til å danne kodegrupper som sorteringsgrunnlag i tankane, der kvar kodegruppa er dei foreløpige tankane om ulike sider av problemstillinga. Det å koda er å merka dei meiningsberande einingane i teksten slik at dei vert systematisert. Til dette arbeidet nytta eg fargekoder, eg identifiserte og sorterte alle meiningsberande einingane i teksten, for så å setja dei tekstbitane som innholdsmessig har noko til felles ilag. Når ein er godt i gang med dette arbeidet vil ein oppdage at det er naudsynt å raffinere den intuitive klassifikasjonen som den første versjonen av kodegruppene representerer ( Malterud, 2018, s. 102).

Ein er nå komen der i analysen kor ein ser på og vurderer om kodene inkluderer fenomen av nokonlunde same klasse. Undervegs i dette arbeidet har ein eit blikk på problemstillinga, forforståinga og den teoretiske referanseramma for å sortere vekk fenomenar som i virkeligheten utgjere fremmedelementer og skil seg ut ifrå dei andre. Dersom elementer som skil seg ut allikevel har «snike» seg med så kan dette vera eit tegn på at det er vår egen forforståelse som har påverka analysen i det første intuitive trinnet (Malterud, 2018, s. 102-104). Dette er noko som eg kjente meg igjen i når eg gjennom analysen i dette trinnet fjerna «Ringvirkningar» som kodegruppe då dette var noko eg tenkte kom frå mi forforståing om at dette ville gi ringvirkningar på fleire hald og der fokuset var mest på den eldre si oppleving og ikkje skriveassistentane. Ei av hovudutfordringane med dette er at eg fant mykje om det eksistensielle i det å vera eit menneske som omhandla like mykje den eldre som skriveassistentane. Dette var noko som eg brukte mykje tid på, las om igjen rådata og vurderte kodene opp mot kva rådata egentlig sa, samt at eg valgte å lytta på nytt til innspelninga av interjuvene for å sikra meg at eg hadde fått med meg stemninga og forhåpentligvis det som kunne «lesast» ut av den. Det førte til mange små utviklingsrundar der eg for kvar runde laga eit nytt dokument slik at eg skulle klare å skilje dei frå kvarandre og eventuelt kunne gå tilbake i prosessen for å sjå kva eg hadde gjort og tenkt på førre trinn. Eg skreiv dei også ut for kvar gong eg endra på dei og brukte fargekodar for å laga eit visuelt bilde i teksten for kva tekst frå kven av informantane som høyrde til kva kodegruppe. Dette var eit svært tidkrevjande arbeid, men førte til at eg etter kvart fekk eit god og nær innsikt og forståing av materialet mitt. Gjekk så ifrå åtte



kodegrupper til fem kodegrupper der tre av dei fortsatt var med med same namn, medan to nye vart danna etter å ha slått isaman, og med overskrifter som harmonerte meir med det som kom fram av meining for skriveassistentane så langt i prosessen. Desse var

- 1) Hovudrolle i livet
- 2) Personleg endring, utvikling
- 3) Felleskap
- 4) Menneskemøter
- 5) Kobling før og nå

Som heilt uerfaren med analysearbeid og forskning var det heilt avgjerande med god og tydelig vegleiiing av min vegleiar i denne delen av analysen der eg skulle stille spørsmål til kodegruppene. Dersom eg hadde hatt ein medforskar ville nok det også vore til stor hjelp i vurderingane og valga som skulle tas i denne fasen.

#### 4.5.3 Kondensering

I denne tredje fasen skal ein identifisera og koda dei meiningsberande einingane ved å fjerna, abstrahere, ein del eller eit trekk ved den sorterte informasjonen frå trinn 2 (Malterud, 2018, s. 105-106). Ein skal nå systematisk henta ut meining ved å kondensera innhaldet i dei meiningsberande einingane som er koda saman, og vurderer om nokon er for omfangsrrike og kanskje bør delast i to medan andre kan vera for små og kanskje kan høyra inn i andre koder. Ein legg også heilt vekk den delen av matrialet der ein ikkje har funne meingsberande einingar. Vidare skal ein nå laga eit kunstig sitat, eit kondensat, som er eit spesielt metodisk grep som er eit kjenntegn ved bruk av STC i analysearbeidet. Dette kondensatet skal ha med seg innhald frå den enkelte meiningsberande eininga kor dei er omsatt til meir generell form, eg valgte her å laga kondensat som inneholdt elementer frå samtlige meingsberande einingar. Og slik Malterud beskriv det skal kondensatet vera ein sum av deltakerane sine stemmer og vera så tekstnære

som mulig slik det beskriv det fenomenet som nettopp denne subgruppa handlar om. Det er viktig at kondensatet har tydelig spor av deltakerane sine ord og begreper frå dei meiningsberande einingane, og for å halda ein oversikt for meg sjølv hadde eg ulik fargekode på kvar av informantane for å sikre at den enkelte si stemme var med og for å sjå at alle fire informantar var representert og at eg lett kunne finne tilbake til den opprinnelige samanhengen. Til slutt i denne delen av analysen vart det i kvar subgruppe valgt ut eit gullsitat som best illustrerer det som er abstrahert.

Eksempel på arbeid i denne fasen:

*Tema 1: Innhald i livet/eksistensiell omsorg*

**1) Å oppdage den andre**

- *Alle mennesker har en historie å fortelle. Det gir trivsel og glede for hjelperen å være med på skriveverkstedet fordi deltakerne ble synlige for seg selv og andre. (Eg oppdaga at alle mennesker har ein historie å fortelje, det gav meg som skriveassistent trivsel og glede å vera med på skriveverkstaden fordi deltakerane vart synlege for seg sjølv og andre.)*

*Gullsitat: Vi har jo alle historier å fortelle. Det kom så tydelig fram på skriveverkstedet. Det har endret mitt syn på mennesker på en måte. Det var som en gave å få delta på dette! Det var så kjekt, jeg trivdes veldig godt med å få være med på dette.*

#### 4.5.4 Syntese

I det fjerde trinnet i STC så skal ein setja delene i sammen igjen, rekontekstualisere, og sammenstill det ein har funne. Kondensatene frå førre trinn vert nytta til å lage ein analytisk tekst for kvar subgruppe og kodegruppe der eit gullsitat er med for å konkretisere eins hovudfunn (Malterud, 2018, s. 108-109). Dette for å kunne formidla kva matrialet fortel om ei utvalgt side av prosjektet si problemstilling. I denne fasen nyttar ein tredjepersons-form for å kunne gjenfortelja på vegne av andre slik at det vert ny kunnskap samt at dette skaper den nødvendige analytiske distansen som minner forskaren om å ta ansvar for sine egne tolkningar. I denne fasen vaks det fram konturar om to strukturelle nivå matrialet gav meg kunnskap om, og som for meg gjekk ein del over i kvarandre, nemlig det partikulære og det universelle eller på sagt på

ein annan måte på det indre og på det ytre plan. Det partikulære nivå handlar om innhald i livet (det indre plan) og det strukturelle om innhald i tilværelsen (det ytre plan). Utifrå datamaterialet vaks det fram desse to tema med henholdsvis fire subtema under to hovudtema som vist i denne tabellen:

| Subtema   | Tema                                  |
|---|---------------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Å oppdage den andre-oppmerksomt nærvær</li> <li>• Det unike møtet</li> <li>• Å kjenne trygghet</li> <li>• Likeverd og felleskap</li> </ul> | Innhald i livet- eksistensiell omsorg |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innhald i tilværelsen- kvardaglivets gleder</li> <li>• Bekreftelse</li> </ul>  | Innhald i tilværelsen                 |

Tema og subtema vil verta nærare presentert seinare i oppgåva.

Undervegs i analyse arbeidet laga eg ein analysetabell for å halda oversikt over matrielet og koding og tema. Analysetabellen vart redigert mange gongen undervegs, for eksempel i starten var spørsmåla i intervjugudien med for å sikre meg at det eg hadde spurt om fann eg igjen i teksten. Dette var eit godt hjelpemiddel under arbeidet i dei forskjellige fasene i analysen og noko som gjorde det litt enklare å gå tilbake eit skritt når det var behov for det for å sjå kva som var gjort i førre trinn, i kombinasjon med forskardagboka som eg nytta aktivt.

Under er eit utdrag frå den endelige analysetabellen, og dei mest sentrale funna vert presentert i kapittel 5 Resultat-presentasjon av funn.

| Meiningsbærande utsagn/ Enheter   | Kondensert/<br>Abstrahert meining fra de meiningberande enhetene | Koder/<br>Undertema               | Tema                  |
|---|--|-----------------------------------|-----------------------|
| Gleder seg til kvart skriveverksted både deltakar og skriveassistent  | Skriveverkstedet gir glede                                       | Glede                             | Innhald i tilværelsen |
| På sykehjem er det slutten av livet som leves. Då er det viktig å ha det medmenneskelige perspektivet og ikkje skjematsera og standarisera pleien | Deltakarane er medmennesker som ikkje kan standariseras          | Bekrefta den andre? (deltakaren?) | Innhald i tilværelsen |

|  |  |                           |   |
|--|--|---------------------------|---|
| <p>Vi bidro til at deltakerne fikk gjort opp status over livet sitt, og viste hvem de var. Dette satte i gang noen prosesser, refleksjoner som gjorde at de tenkte over livet sitt. Dei bekrefta seg sjølv som person</p>  | <p>Skriverkstedet bidrog til refleksjonar som gjorde at deltakarane bekrefta seg sjølv og livet sitt</p>   | <p>Likeverd</p>           | <p>Innhald i livet/Eksistensielle behov</p> |
| <p>I skriveverkstedet fekk deltakarane spela hovudrollen i livet sitt igjen. På sjukeheimen er dei avhengig av andre. Det vert viktig for henne å vise kven ho hadde vore. Eg som skriveassistent vart veldig audmjuk, og opplevde at min rolle vart å knytta band mellom livet før, og livet nå. Eg kunne hjelpa deltakerane på gli slik at dei fekk fortalt si historie.</p> | <p>Det å få visa kven ein er, og har vore, er ein eksistensiell verdi. Det å knytta fortid og nåtid saman skaper muligheter for å heva seg over hjelpeløysa og få bekrefta at ein fortsatt er ein viktig person. Skriveassistenten som erkjenner dette vert audmjuk i møte med deltakaren.</p> | <p>Bekrefta seg sjølv</p> | <p>Innhald i livet/Eksistensielle behov</p> |

#### 4.5.5 Relevans, refleksivitet og pålitelighet

Validitet handlar om gyldighet og reliabilitet kor pålitelige reslutata er (Kvale og Brinkmann, 2019, s. 275-277). Malterud (2018, s.193) seier at å validere er å stille aktive spørsmål om kunnskapen og den sin gyldighet, på kva måte er denne kunnskapen gyldig og under kva for nokre krav? Det å stilla spørsmål til forskninga sin relevans i alle ledd i ein kvalitativ forskningsprosess opner opp for å vurdere om den er gyldig. Kva gir våre resultatler gyldig kunnskap om? Punkt for punkt skal ein stilla spørsmål til kva som vart gjort opp om alternative muligheter for tolking av funna ein har, dette er refleksivitet i praksis. Ein gjer dette for å kunna ha ei bergunna meining om kva ein seier noko om og ikkje. For å oppnå validitet i kvalitative studier krev ein ei logisk linje mellom problemstilling, teori, metode, data og resultat (Malterud, 2018, s 193-194).

I denne oppgåva er validiteten avhenging av at rett forskingsspørsmål vert retta mot eit relevant utval, her helsepersonell som har deltatt som skriveassistentar på kreativt skriveverksted for eldre, samt at data som er samla inn vert handtert og behandla på ein forskningsetisk måte. Dette er ivaretatt og synleggjort ved å leggje fram mest mulig dokumentasjon på kva valg som er tatt i gjennom heile prosessen, alt ifrå måte ein har samla inn data, metodevurderingar og slutningar som eg som forskar har tatt. All relevant dokumentasjon, informasjonsskriv, samtykkeerklæring, intevjuguide, søkehistorikk på biblioteket og kvittering frå NSD, er lagt ved som vedlegg for å styrke validiteten.

#### 4.6 Forskningsetikk

Denne masteroppgåva har fulgt gjeldane regelverk for denne type forskning.

Nødvendig godkjenning i forbindelse med denne studien er innhenta av Norsk Samfunnvitenskaplig datatjeneste (NSD) i samarbeid med min vegleiar.

Det vart gitt skriftlig informasjon til skriveassistentene om prosjektet, der det vart orientert om anonymitet og om at det er anledning til å trekka seg undervegs i prosjektet. Eg har også innhenta individuelt skriftleg samtykke frå kvar informant. Det er fast ansatte i eldreomsorga

som var med som skriveassistenter som er informantar. Prosjektavdeling vil ikkje bli namngitt i oppgåva. Dei vart informert om at dei kan ta kontakt med meg på telefon eller mail dersom det skulle oppstå spørsmål etter intervjuet og at dei har mulighet til å trekkja seg når som helst i prosessen. Malterud ( 2018, s 211-212) seier at i kvalitative studier krev det er ein gjensidig tillit og respekt mellom forskar og informant siden datasamlinga ofte har ein personleg karakter. For å oppnå denne tilliten er det av betydning at informantane veit korleis opplysningane om dei vert brukt.

Data vart registrert iform av digitalt opptaksutstyr og transkribert av meg. Lydbåndopptaket vart lasta opp på utdanningsinstitusjonen, HVL, sin server. Desse vil bli sletta når oppgåva er levert inn. Informantane vart tildelt pseudonymer basert på tall, som informant 1,2 3, og 4 både ved lagring av lydfiler og alt skriftleg materiale. Data vart oppbevart på privat pc, som er passordbeskytta med to trinns pålogging. Ingen data vil bli oppbevart på minnepinne. Alle utskrifter er oppbevart i låsbart skap og vil bli makulert etter at oppgåva er levert inn.

## 5.0 Resultater- presentasjon av funn

I denne delen av oppgåva vil eg presentere datamaterialet frå dybde intervjuar gjort med fire skriveassistentar som alle har deltatt på eit eller fleire skriveverkstader i kommunal eldreomsorg der skriveverkstaden var ein aktivitet som var eit tilbud på eit dagsenter og på to ulike sjukeheimsavdelingar. Undersøkelsen er gjort i to kommuner.

I arbeidet med teksten har det vore krevjande å sortere ut kva som er hovudtema og kva som er undertema sidan alt heng så tett isamen med alt. I tillegg kan fleire undertema sortere under fleire hovedtema. Etter fleire rundar med vurderingar der eg gjekk tilbake i analyseprosessen og vurderte ting på nytt framkom det tre tema og fem subtema, men som beskrive i metodedelens så fann eg ut at nokre av subtema ikkje var utvikla godt nok som sjølvstendige tema og enda så opp med to tema og seks subtema:

Tabell 1: oversikt over tema og subtema:

| Subtema   | Tema   |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Å oppdage den andre- oppmerksomt nærvær</li><li>• Det unike møtet</li><li>• Å kjenne trygghet</li><li>• Likeverd og felleskap</li></ul> | Innhald i livet generelt som menneske-eksistensiell omsorg |
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Innhald i tilværelsen- kvardaglivets gleder</li><li>• Bekreftelse</li></ul>   | Innhald i tilværelsen som pleiar                           |



Materialet er presentert slik som dei ulike temaene har vakse seg fram i arbeidet med teksten og det syner skriveassistentane si erfaring og er utarbeida for å kunna gje ei djuptgåande forståing av problemstillinga der målet er å utforske korleis helsepersonell tilnærmar seg den eksistensielle omsorgen med bruk av kreative metodar som skriveverksted for eldre:

*Kva meining kan ein finna i erfaringen hjå helsepersonell som deltok på kreativt skriveverkstad for eldre med fokus på eksistensiell omsorg?*

## 5.1 Innhald i livet- eksistensiell omsorg

Første tema handler om å vera med å skapa gode opplevingar og dagar for dei eldre, og innhald i livet var noko som kom tydlige fram i svara frå alle informantane. Dette var noko som igjen skapte meining og innhald i skriveassistentane sine eigne liv både på arbeid og privat og vart då eit bilde på det felles menneskelege og at deira liv vart inn vevd i deltakaren sitt og omvendt.

### 5.1.1 Å oppdage den andre- oppmerksomt nærvær

Første subtema handlar om å vera tilstede med heile seg slik at ein har fokuset retta mot den andre, her den eldre.

Skriveverkstedet gav ein unik mulighet til var å bli kjent med deltakerane, dette er noko som kjem tydeleg fram i alle informantane sine beskrivelser. Informantane vart oppmerksom på at alle har ein historie å fortelje og med historia så trer mennesket fram og dei beskriv at det gav dei som skriveassistentar ei glede å oppdage deltakerane via historiane deira. Ein skriveassistent sa det slik:

*Vi har jo alle historier å fortelle. Det kom så tydelig fram på skriveverkstedet. Det har endret mitt syn på mennesker på en måte. Det var som en gave å få delta på dette! Det var så kjekt, jeg trivdes veldig godt med å få være med på dette.*

Informantane beskriv det som at dei oppdaga dei eldre på nytt eller i alle fall på ein ny måte. Skriveassistentene beskriver at dei opplevde auka trivsel hjå seg sjølve etter dei vart med på

skriveverkstaden og observerte det same hos deltakerane. Det var meir prat i deltakerane, dei snakka meir med kvarandre, så det skjedde noko i gruppa også. Dei smilte meir og møtte blikket til kvarandre og skriveassistentane. Det viktigaste som skriveassistentene framheva var at med skriveverkstaden vart deltakaren synleg for seg sjølv og omgivelsane på ein ny måte. Det å delta på skriveverkstaden vart ein arena der ein kunne få visa kven ein hadde vore og kva ein hadde betydd med tanke på kva menneske dei hadde vore både i familien og i samfunnet. Dette vart noko som forsterka deltakerane som dei menneska dei er i dag og for samtida og slik beskriv ein av informantane det:

*Så tenker jeg at de på en måte fikk formidlet til meg og de andre som var der og hørte på at de var faktisk viktige mennesker, en gang i tiden så hadde de hatt viktige verv i samfunnet vårt, de har vært med på disse forandringene, politisk, yrkesutdannelse, jobb som mor og kone tenk på hva hun har bidratt med og det fikk hun vist. For ett bilde av ett overskudd og samvittighet.*

Oppmerksomheten til skriveassistenten var tilstades i skrivestunda og dei gav denne oppmerksomheten til deltakerane og dei vart viktige personar igjen og fekk lov å bidra med sine opplevingar og historiar. Og sjølv om desse historiane var ganske så ordinære så innheld dei opplevingar som skriveassistenten reflekterte over i ettertid opp mot sitt eige liv. På det viset kom deltakerane fram som andre personer for skriveassistentane. Dei beskriv det som at dei får eit større bilde av personen og ikkje berre ser på dei som ein pasient på ein sjukeheim eller brukar på eit dagsenter. Dei ser dei som medmenneske, og det kan bli dei som ein gong deltar på eit aktivitetstilbud i kommunal regi.

*Selv om de hadde ulikt utgangspunkt og i alle fall fra mitt liv, ja, det gjorde meg veldig ydmyk, jeg reflektere mye over min egen barndom og ungdom; er det noen som noen gang kommer til å etterspørre det?*

Informantane beskriv ei endring eller ei modning som gjekk på det å bli følelsemessig engasjert i deltakerane, eller som ei beskriver det at ho opplevde å få eit ansvar for å bli følelsemessig engasjert rett og slett fordi dei er medmennesker.

Dei oppdaga den andre som eit menneske med verdiar og holdingar som var til bli stum av beundring for, det gav fleire av skriveassistene ein aha opplevelse å få innblikk korleis dei har levd liva sine, men også kva dei tenker om livet i dag. For eksempel beskriver ei av dei kor sterkt ho opplevde ein konkret historie som gjekk på å kva kvardagsgleder, ein av deltakarane som har store fysiske handikap seier at kvardagsgleder er å våkna og vara frisk kvar dag. Dette overraska skriveassistenten og ho beskriv at ho fekk ei audmjuk kjensel av å få delta i noko nært og personleg. Dette er noko som var med å skapa eit større bilde for skriveassistenten av deltakerne og kven dei er. Informantane beskriv ein opplevelse av alderslaushet. Om det var mange ti- år som skilde skriveassistentene og deltakar så vart skriveverkstaden noko som vart ei bru over til kvarandre sine liv og forståelse for at følelsar og situasjonar er gjenkjennbare uavhengig av alder eller tida ein vaks opp i. Nokre av skriveassistentane beskriv kor sterkt det er å få oppleva at deltakarane endrar seg eller som ho eine seier kanskje det var eg som endra meg og mitt syn på dei? Men samstundes så beskriv dei både observasjonar av at deltakarane vart meir smilande, meir åpne, tok meir initiativ til kontakt og deltok meir på felles aktiviteter. Dette blir beskrive som ein meningsfull del av jobben både under skriveverkstaden og i ettertid at ein skulle få deltakerane fram i lyset slik at dei skulle få oppmerksomhet og anerkjennelse for det levda livet sitt.

Ei av dei seier det slik:

*Ja, du løfta opp ett levd liv. Plutselig så blir liva deiras, det dei har opplevd viktige levde liv. Det er nokon som ser de! Det var ein god dag på jobb når det var skriveverkstad, eg kjenne litt på det med å dytte dei litt, med å på ein måte, hjelpe de opp nokon trappetrinn så eg nesten hadde så sagt, så de får lov til å stå å skinna.*

### 5.1.2 Det unike møtet

Det andre subtema handler om det heilskaplege møtet mellom skriveassistent og deltakar.

Skriveassistenten opplevde skriveverkstaden som ein plass der ein ved å få innblikk i andre sitt liv og på ein måte også fekk innblikk i sitt eige liv; det var noko som førte til at ein reflekterte

over sitt eige liv og undra seg over sin eigen historie. Kvart menneske har sin eigen unike historie, dei opplevingar og forteljingar som deltakarane fortalte vil aldri gjenta seg og på den måten vert dei viktige for oss og det unike i møtet der desse historiane vert fortalt vert meiningskapande på godt og vondt. Ein kan på den måten forstå fortidas eksistensielle opplevingar som gleder og utfordringar som det fellesmenneskelige.

Dette med å få gjera opp status over livet sitt, summera opp og dersom om ein har behov det, få slutta fred er rett i kjernen av det eksistensielle i det å vera menneske. Dette vart synleg for skriveassistene og fleire av dei beskriv korleis det fekk dei til å reflektera over sitt eige liv og spørsmålet ei av dei stilte seg var om nokon kom til å visa interesse for hennas liv?

Skriveverkstaden vart ein plass der ein fekk til møter mellom mennesker, at ein var samen. Skriveassistenten var opptatt av at det var ein plass der både dei og deltakerane fekk nye bekjentskap, men også tatt opp gamle. Og uansett så var felles-nevneren at to eller fleire mennesker skapte noko i øyeblikket, ein er ilag om å dela opplevinga. Dei beskriv vidare at det vart ein plass der deltakerane fekk fortalt om viktige hendingar i livet sitt og som hadde forma dei som menneske og kva veg livet deira tok.

Gjennomgåande beskriv informantane ein audmjukhet over å få ta del i dette og det gav dei mykje personleg i deira liv. Dei beskriv unike menneskemøter på tvers av generasjoner, sjukdom og bakgrunn. Fleire av skriveassistentene beskriv at dei vart glade i deltakerne. Dette med at dei som hjelperar kom nærare den dei skulle hjelpe ved at dei vart bedre kjent, opplevde dei som rørende og noko som gav ein djupare form for kontakt og samtale som igjen førte til refleksjoner inn i sitt eige liv. For eksempel kva er viktig at me deler med andre og kva er viktig å snakke om? Dette er noko fleire av skriveassistentene seier dei vil ta med seg vidare i sitt eige liv; den erkjennelsen av kva som er viktig, nært og som er fint å dele med andre.

Dette med å oppleve desse forteljingane på sin måte og kjenna på sin personlige oppleving og kjærleik til historiene og menneska som fortel dei vart beskrive som unikt av fleire av informantane. Det å få lov til å bety noko for andre vert av fleire av informantene gjentatt som noko som var ei viktig og meningsfull oppleving av skriveverkstadene. Og ikkje minst at dei fekk

ein innsikt ikkje berre i den andre, men også i seg sjølv slik ei av informanten beskriv på dette viset:

*Det er jo menneskemøter. Møte med enkeltpersoner. Og det gir meg mykje å bety mykje for andre. Viss eg kan sei det sånn. Eg syns det var ein heilt spesiell opplevelse som gav meg mykje og eg var ikkje i tvil om at dette må me fortsette med og det er like mykje for egen del, for at det gir veldig mykje. Du har den vinn-vinn situasjonen det gir meg mykje samtidig som eg ser det gir dei mykje.*

Eit anna sentralt funn var at samtlige informantar uttrykte kor viktig det var å fortsetje med desse skriveverkstandene.

### 5.1.3 Å kjenne trygghet

Det tredje subtema handler om tillit og trygghet i møte mellom skriveassistenten og deltakar. Historiane som vart nedtegna kom etter samtaler mellom skriveassistent og deltakar, og det å ha desse samtale som fleire informantane beskriv som eksistensielle gjorde at det vart eit heilt spesielt bånd mellom skriveassistenten og deltakar. Dei beskriv ein god og nær kontakt med deltakerane som førte til djupe samtaler. Det vart ein unik kombinasjon av å kjenna trygghet og føla på det unike møtet med eit anna menneske. Det vart ein plass ein ville vera for ein kjente på ein eksistensiell trygghet til menneska som ein hadde rundt seg.

Ei beskriv det som litt krevjande i starten og at ein «*fekk det ikkje heilt til*», og fleire nevner dette med å måtta «*gjeta*» den gode samtalen eller historien, men at det på eit punkt via ei viktig historie om å gjera opp status over livet sitt og ikkje minst fått noko å dela dette med så ein slapp bera det åleine, at det for den eine deltakar på ein måte løsna og skiveassisten beskriv at ho opplever ein heilt annan kontakt med deltakar etter dette. Det oppstod på mange måtar ein gjensidig avhengighet til kvarandre som var tufta på gjensidig respekt, tillit og trygghet.

Fleire informantar beskriv dette med at dei har fått bidratt til at deltakerane har fått gjort opp status og fått bekrefte seg sjølv som noko som dei sjølvde også opplevde som ein viktig og meningsfull del av det å drive eit skriveverksted.

Denne relasjonen som informantene beskriv vart sterkare utover i skriveverkstaden, og den vart skapt av ein trygghet som oppstod i desse skrivestundene. Ein kan seie det vart skapt i ei gjensidig avhengighet mellom to mennesker.

Den trygge møteplassen som informantene beskriv vart ein plass ein ville vera, dei beskriv om glede og forventning til neste treff både hos deltakar og hos seg sjølve, og at dette kjem av ein opplevelse av noko ein kan kalla eksistensiell trygghet. Ein vart trygg til å vera seg sjølv. Igjen er det dette med denne audmjukheten skriveassistenten beskriv, at ein får lov til å bidra til at deltakerane kjem i sentrum, ein kan seia at dei kjem i hovudrolla i livet igjen.

Når deltakerane fekk den tryggheten i relasjonen at dei ville fortelja så beskriv informantane at dei lærte dei å kjenna på ein heilt annan måte. Mennesket vart på ein måte plutselig sett i eit anna lys, i eit anna perspektiv, dei kom fram i lyset på ett vis og det gjorde noko med opplevinga til informanten. Når dei fekk høyra den eldre si fortellingar frå eit levd liv og levd erfaring, vart dei tydeligere som dei menneska dei er med heilt unike opplevingar. Fleire av informantane bruker ulike metaforer, som ein knopp som sprang ut for eksempel, om opplevinga dei hadde ilag med deltakerane:

*Det var jo denna nærheten som ein får til, ikkje alle, deltakerene som er med, men til nokon. Det er noko som treffe meg i deiras fortellingar, og ikkje berre i deira forteljingar, eg følte at dei forandra seg og viste kven dei var, eg følte eg at eg blei bedre kjent med dei i skriveverkstedet. Eg følte at de blomstra på ein måte, fra å ha vore ein sånn liten knupp og eg såg nok ikkje på de som det eingong, eg såg nok heller på de som, viss eg skal bruka metaforer, ein vissen blomst. Men nå følte eg dei var som ein knupp som blomstra ut og det handla jo om fortellar gleden som de viste. De kom liksom fram som seg sjølv følte eg når de fortalte historiar, når de blei lest opp, når de hadde kommentarer over bordet huska du den osv. Så eg følte at de betydde så mykje meir for sin egen del og for meg på ein måte.*

Alle informantane beskriv at dei kom nærare deltakerane, men ein kan allikevel få eit inntrykk av det skjedde noko heilt spesielt med nokon; at ein relasjon utvikla seg og at det vart skapt noko heilt spesielt mellom nokre av skriveassistent og enkelte av deltakar. Fleire informantar beskriv at dei opplevde at deltakar endra seg, og ei reflekterer over om det er ho sjølv som har endra seg. Nokre beskriv også dette som skjer i gruppa mellom deltakerane, ein trygghet som gjer at ein tørr fortelja meir, at ho hadde observert at dei nå tok kontakt med kvarande utanom skrivegruppa og at det virkar som med å ha delt historiar betydde dei meir for sin egen del og for dei andre. Fleire beskriv dette med at dei fekk eit inntrykk av at når deltakerane fekk delt historia med andre virka det som var det ein lettelse for dei å ha fått gitt den på ein måte til andre.

#### 5.1.4 Likeverd og felleskap

Fjerde subtema handlar om det å oppleve felleskap og at ein er likeverdig som skriveassistent og deltakar. Livet som leves på slutten av livet har ein verdi i seg sjølv og dette var noko som vart tydelig for informantane på skriveverkstaden, dei beskriv deltakerane som medmennesker som ikkje kan standariserast. Ei av informantane beskriv ein innsikt som ho fekk på skriveverkstaden at sjølv om det var mange tiår som skilde henne og deltakerane så kjende ho igjen i sitt liv dei same forventningane til livet når ein var ung for eksempel, som dei fortalte om. Det vart for henne ein bekreftelse på seg sjølv som person ved å bruk av minner. Skriveassistentane kunne knytta sitt liv til deltaren sitt og det vart ein kjensle av likeverd. Skriveverkstaden førte til at skriveassistenten kom nærmare deltakeren og dei vart bedre kjent. Det skapte følelser som dei ikkje hadde kjent på før, dei var audmjuke, rørte og glad i deltakeren. Det førte også til at informantene vart oppmerksomme på samtaler sånn generelt; kva snakker me om når me er ilag med andre? Kva er viktig å snakke om? Og dette med kor godt det opplevdes å komme så nær eit anna menneske er beskrivelser som går igjen. Ei seier det slik:

*Det som slo meg sånn undervegs, og eg tenkte då koffor snakka me ikkje meir om sånne skikkelige ting? som ting som kom fram på skriverskilstedet når me treffe folk?*

Alle informantane beskriv skriveverksteden som eit felles prosjekt, noko ein skulle få til ilag. Alle var like viktige både skriveassistent og deltakar, det var bare det at dei hadde ulike roller som bidrog til å få til skriveverkstaden. Ei beskriv det som eit felles ansvar, at ho som skriveassistent nytta kompetansen sin til å få deltakerane på gli og til å fortelja historiane sine, men det var opp til deltakarane å bidra med kor mykje eller lite dei sjølv ville.

Informantane beskriv at dei vart sleppt inn til deltakar og at det vart ein heilt spesiell nærleik som dei ikkje hadde hatt før. Denne nærleiken er beskriven som unik og ein kontakt som er spesiell. Fleire av informantane er opptatt av kva slags historiar er det deltakerane fortel, det fleire ting som går igjen som handlar om følelsesliv, barndom og mestring av utfordrande livssituasjonar, dette blir beskrive som noko som gav skriveassistenten tankar om kva ein kan snakka om. Ei seier eg visste ikkje at me kunne snakke om desse tinga, det er ekte ting og eg kjenner det vil eg gjer meir av i livet mitt privat også.

## 5.2 Innhald i tilværelsen

Andre tema handler om opplevinga informanten hadde om kvardagslivets gleder og bekreftelse. Skriveverkstaden skapte eit nytt innhald i tilværelsen for deltakar og samtidig eit nytt innhald i tilværelsen til skriveassistenten. Det gav noko til begge parter som glede, forventning og refleksjon over sitt eige liv.

### 5.2.1 Kvardagslivets gleder

Første subtema seier noko om korleis skriveverkstaden er med å skape ny meining i kvardagslivet både for skriveassistenten og deltakar. Skriveverkstaden vart ein plass der det vart tydeligare for skriveassistenten kven deltakar hadde vore og med det kven dei var i dag. Om dagen i dag og kvardagen dei har i dag er på ein sjukeheim eller eit dagsenter så er koblinga med kven dei har vore før betydningsfullt for det livet som leves nå. Mange av informantane seier noko om at skriveverkstaden var med å gi innhald i tilværelsen for deltakerane og ikkje



berre det, men det gav både dei som skriveassistentar og som deltakerar meiningsfull innsikt i livet både før og nå som dei opplevde hadde ei betydning i kvardagen som leves idag.

Fleire av informantane fortel at dei ofte fekk tilbakemelding frå deltakerane om at skriveverkstaden gav slik ei glede, samstundes som det var det same som dei som skriveassistentar også opplevde; dei gleda seg til å presentere tema og var spente på korleis mottakinga vart. To av informantene reflekterte over korleis det må vera å bli eldre og med auka hjelpebehov og kven ser mitt behov for å utfolda seg og leva og utvikla seg då? Korleis vart det med vennskap når eg blir eldre? Fleire av informantane reflekterte også over dette med å sjå på eldre som ei likearta gruppe som har lyst til å gjer dei same aktivane, ein er like ulik som menneske uavhengig av hjelpebehov eller alder.

*Nei, jeg tenker at vi tar det for gitt at når folk havner på en institusjon så blir de like så har man det felles det jo ikke sånn! og jeg tenker at kan godt være jeg må svelge noen kameler og spille bingo viss jeg havner ett sånt sted, bare for ein variasjon i hverdagen kan godt være jeg heller vil gå på skriveverksted og fortelle om alle minnene mine*

Det med glede og forventning er noko som er gjennomgåande i informantane sine beskrivelser av skriveverkstaden. Ei beskriv at det med å oppleve glede var ikkje berre her og nå på skriveverkstaden, men det gav ei glede som varte heile veka og som gav forventning og spenning hos deltakarane; kva tema vert det neste gong for eksempel. Det å gleda seg og å ha noko å sjå fram til gjorde at informantane såg det gav deltakarane så mykje og det igjen skildrast som djupt meiningsfullt for skriveassistenten. Ei seier det på dette viset:

*Og som ein aktivitet som er annerledes enn sittedans og bingo, men dette gav de noko anna då, både glede på forhånd, spenning. De satt med eit godt smil og rett i ryggen. Eg visste jo det at de blomstra fra starten til slutten på skriveverksted-dagen.*

### 5.2.2 Bekreftelse

Andre subtema seier noko om det å sjå den andre og få bekræftelse på kven ein er, spesielt for den eldre, men det vart også ei bekræftelse for skriveassistenten. Skriveverkstaden vart ein plass der det vart tydeligare for skriveassistenten kven deltakar hadde vore og med det kven dei var i dag. Om dagen i dag og kvardagen dei har i dag er på ein sjukeheim eller på eit dagsenter så er koblinga med kven dei har vore før betydningsfullt for det livet som leves nå. Mange av informantane seier noko om at skriveverkstaden var med å gav innhald i tilværelsen for deltakerane og ikkje berre det, men det gav både dei som skriveassistentar og som deltakerar meiningsfull innsikt i livet og at det som dei hadde opplevde har ei betydning i det daglege livet dei lever i dag.

Det å oppdage den andre og bli oppdaga av den andre har ein eksistensiell verdi, det å få visa kven ein er og har vore like eins. Ein skriveassistent beskriv at det å få hjelpa til med å knytta fortid og nåtid ilag skaper ein meiningsfull mulighet for deltakar å kunne heva seg over hjelpeløysa og få bekræftelse på at ein fortsatt er ein verdifull person, og at dette vart ein viktig rolle i det å vera skriveassistent.

Ein informant seier ho fekk tilgang til menneskelivet på ein ny måte, og at ho opplever at det ikkje er lett tilgjengelig. Informantene beskriver at det å få bidra til at deltakerane fekk reflektere over livet og korleis det vart for dei, gav dei innblikk i kva som følelsesmessig og verdimesig hadde forma dei sjølve som mennesker. Dette bidrog til at skriveassistenten opplevde deltakerane som viktige og at det var nærmast hellig det at dei fekk slikt eit innsyn i livet deira og kva som hadde vore med å forma dei og av den grunn vart dei viktige også i det livet dei lever i dag. Det vert uttrykt på dette viset:

*...eller gjøre opp status over livet sitt. Og det tenker jeg vi også fikk bidratt til det jeg er helt sikker på, og det sa jo noen av de om også at de lå og tenkte på hva de burde ha sagt eller skrevet mer om så vi har nok satt noen prosesser i gang, også noen refleksjoner eller tankeprosesser som gjør at de faktisk har tenkt gjennom livet sitt. Det kan vera viktig det viss du skal bekrefte deg sjølv som person. Og kanskje slutta fred viss du har behov for det.*

Funna viser at det var verdifullt for helsepersonell å få delta som skriveassistent på kreativt skriveverksted for eldre for det åpna opp for ein nærleik og kjærlyhet til den eldre, livet dei lever og har levd. Men det åpna også opp for ei undring og ein refleksjon over livet til informantene som dei beskriv som noko som endra dei og deira syn på seg sjølv og på den eldre. Fleire seier dei vil ta med seg i livet vidare.

## 6.0 Drøfting

Denne oppgåva tek utgangspunkt i kreativt skriveverkstad for eldre og kva meining ein kan finna i erfaringa helsepersonell som var med som skriveassistenter seier noko om. Fokuset har vore å sjå om denne meininga rettar fokus på eksistensiell omsorg.

Problemstillinga er:

*Kva meining kan ein finna i erfaringen hjå helsepersonell som deltok på kreativt skriveverksted for eldre med fokus på eksistensiell omsorg?*

I dette kapittelet vert funna som er presentert i resultatdelen drøfta opp mot teorien med særskild vekt på omsorgsvitenskapleg teori, annan relevant forskning, praksis og eigne erfaringar med problemstillinga som grunnlag for drøfting. Drøftinga baserer seg på funn som viser at relasjonen mellom helsepersonell og dei eldre som deltok på skriveverksted er sentral, og av den grunn får etikken ein viktig rolle.

Gjennom analysen av datamaterialet kom eg fram til to hovudtema som vart kalla «Innhald i livet- eksistensiell omsorg» og «Innhald i tilværelsen». Vidare vart hovudtema «innhald i tilværelsen- eksistensiell omsorg» delt inn i fire subtema: «å oppdage den andre- oppmerksomt nærvær», «det unike møtet», «å kjenne trygghet» og «likeverd og felleskap». Hovudtema «innhald i tilværelsen» vart delt inn i to subtema «innhald i tilværelsen-kvardagslivets gleder» og «bekreftelse». Vidare i oppgåva vil dei to hovudtema med sine subtema verta drøfta kvar for seg.

## 6.1 Innhald i livet- eksistensiell omsorg

I hovudkategorien «Innhald i livet» kjem det fram at det å oppdage den andre krev eit oppmerksomt nærvær i gjennom det unike møtet der både helsepersonell og den eldre kjenner seg trygg og opplever likeverd og felleskap. Alle informantane, om enn på ulike måter, fortalte og beskrev det felles menneskelege som vart tydelig for dei og som noko av det viktigaste dei erfarte med å delta som skriveassistentar. Det gav informantane mening og hadde stor betydning for dei å oppleva å gjera ein forskjell i andre sitt liv. Dette harmonerer med det Vetlesen (2009, s 53) beskriv som tilværelsens ufravikelige grunnvilkår der mellom anna våre relasjonar sin skjørhet og eksistensielle sårbarhet alltid er knytta opp mot eit anna menneske sin uerstattelighet. Slik Løgstrup (2010, s.25) sine grunnvilkår også beskriv at ein er vevd inn i den andre sin skjebne slik den andre er vevd inn i min. Dette var noko alle informantane beskrev og som kan seiast å vera uungåelig i eit kreativt skriveverksted der ein sit to og to og skriv ned historien til den eldre.

Informantane var ikkje van me å ha denne nærleiken til dei eldre, sjølv om dei møtte dei daglig til stell, måltider og aktiviteter så var denne aktiviteten av ein heilt annan karakter og utvikla seg til å verta meir forpliktande menneskeleg sett enn alt anna dei gjorde på avdelinga. Kva var det då med denne aktiviteten som gjorde at ei beskriv det «*endret mitt syn på mennesker på en måte*»? Slik eg tolkar dette var det noko så enkelt som at dei fekk mulighet til å bli kjent med personen ikkje berre pasienten, informantane fekk oppleva å ta del i dei unike opplevingane og erfaringane som den eldre fortalte om. Dei suverne livsytringane er det som kan setja ein fri til å handla i spontan godhet og gjer det som kreves av ein som menneske. Løgstrup (2014, s 13-14) hevdar at budet om kjærlighet til sin neste er det naturlegste av alle bud. Dette er noko som Koskinen (2017, 403-407) hevdar kan skje i «lyssnande» som er som eit sinnelag, ein vilje til å stå til teneste, vitne, elska og kjenna sympati for den andre.

Ut ifrå funn i denne studien er det med å sjå heile mennesket når ein rettar oppmerksomheten mot den andre av ein eksistensiell karakter. Slik omsorgensvitenskapen har eit menneskesyn som handlar om å sjå mennesket som ein fleirdimensjonal eining med tre perspektiv; det

kroppslege, det sjelelige og det andelige (Wiklund, 2005, s 25), dette å ta del i dei sosiale relasjonane og det som skjer i møtet mellom skriveassistene og deltakerane beskriv informantane som ein kjærlyghet til situasjonen der både deltakerane og skriveassistent opplever fortellingane dei deler på sin personlege måte og kan kjenne sin opplevelse og kjærlyghet til situasjonene dei deler. Det er grunn til å tru at helsepersonell som har fått denne aha opplevinga vil vera nysgjerrige på andre pasientar dei møter også, spørje dei meir om livet deira og vera åpen for å høyre om deira levde liv. Eg trur det vil vera godt både for pleiar og pasient å vera meir opne for kvarandre.

#### 6.1.1 Å oppdage den andre- oppmerksomt nærvær

Det å få skapa ein opplevelse ilag der ein som skriveassistent hadde oppmerksomheten retta mot deltakaren og det han eller ho ville formidla vert beskrive som noko som gav ein unik innsikt i den andre, men også i seg sjølv. For å oppnå å møta den andre som eit heilt menneske seier Brodtkorb (Kirkevold, Brodtkorb, Ranhoff, 2014, 175-176) at ein må vera sensitivt tilstades i augneblikket og vera henvendt mot pasienten på ein individuell måte. Det forutset at ein kjenner den eldre som den han/ho har vore og som den personen dei er i dag. Skriveverkstaden var med å la til rette for at ein som helsepersonell kunne vera sensitivt tilstades. Som den eine informanten beskriv så vart det ei modning eller endring i henne sjølv til å bli følelsesmessig engasjert i deltakarane, ho beskriv det som eit ansvar ho fekk.

Alle informantane beskriv det var ein aha oppleving å oppdage kven den eldre hadde vore i si tid og enndå var. Kvifor er det viktig å bli kjent med ein annan person på det viset? Funna viser at det oppleves som viktig å kunne vera så nær pasienten ved å bli kjent med og på det viset bli glad i pasienten som den personen dei er den dag i dag. Dei beskriv å sjå mennesket i eit anna perspektiv. Dette harmonerer med caritativ etikk av Eriksson: eg var der, eg såg, eg vitna og eg vart ansvarlig (Arman, 2015, s 107) og Løgstrup (2010, s 17-33) sin etiske fordring om at me aldri har med eit anna menneske å gjer utan at me held noko av den andre sitt liv i våre hender.

Ut frå funn i denne undersøkelsen ser det ut som ansvar for den andre aukar når ein vert bedre kjent med ein person og med det aukar omsorgen og eg vil hevde ein eksistensiell oppleving av relasjonen til den eldre som med stor sannsynleghet vil påvirke livet til den eldre og den vidare samhandlinga mellom pleiar og pasient. Eriksson (1987, s 32-33) bekrefter dette når ho skriv at ein ekte relasjon inneheld eit sant møte der alle forstillingar er forsvunne og det som står att er eit møte i kjærlighet. Vidare seier ho at ein skal i ein profesjonell omsorgsrelasjon vera medviten på at det ikkje kan bli ein total gjensidighet, og at det er pasienten som sjølv skal velga å vera med i relasjonen eller ei, medan det er helsepersonell som regulerer på kva måte dette skjer med sin evne til å skape nærleik eller distanse.

Ein kan tenke seg at skriveassistentane vart litt overraska over denne nærleiken dei opplevde til deltakerane, utsagn fleire av dei hadde tyda på at dei vart nesten litt skremt av den og usikre på korleis dei skulle bruka den. Men siden skriveverkstedet gjekk over åtte veker med eit møte i veka fekk denne nærleiken modne og vekse iløpet av vekene. Informantane beskriv kor godt det var for dei å sjå deltakerane i eit nytt lys, såg at dei endra seg ved å vera meir åpne og smilande og det er egentlig ein veldig god refleksjon den eine informanten har om at det kan hende det er ho sjølv som har endra seg? Så dette med å oppdage den andre kan hende handlar i like stor grad om å oppdage seg sjølv og sine egne ressurser? Dette samsvarer med det Koskinen (2017, s 412-413) skriv om at det i «lyssnanden» er stor omsorg for pleiaren og at det ekte inni ein sjølv får utvikle seg. Ein kan tenka på omsorgen som eit stykke ekta liv, ikkje noko ein lærer på skulebenken eller i bøkene, men noko som er i mennesket og den haldning ein har til pasient og livet sjølv. Då vil det kunne få ein større implikasjon for praksis enn ein kunne tru ved at dette handler om dei indre verdier og handlingar som veks fram i oss når vi får tilgang til det innerste i oss sjølve som mennesker. Gir så eit skriveverksted ei opning for dette? Slik eg tolkar uttalelsane frå informantane så gir skriveverkstedet ei opning for at det kan skje siden ein stiller seg meir disponible som helsepersonell ved bruk av ein slik metode enn reint teknisk utføring av ein prosedyre. Lassenius (2017, s 362) hevdar at pleiaren sin romslighet kan opna opp for muligheter i ein omsorgsfull omsorgskultur.

Substansen i omsorg er å gi pleie eller ansa, leka og læra (Eriksson, 2018, s 237) og det skjer i livsrommet. I livsrommet leves dagen i dag med alt den innebærer, også for den eldre som bur på sjukeheimen eller går på eit dagsenter. Livsrommet til pleiaren er også på sjukeheimen eller dagsenteret når dei er på jobb og informantane var slik eg ser det på sporet av dette livsrommet dei delte ilag med den eldre. Fleire av informantane oppdaga at følelsar kan vera like sjølv om det skil mange 10-år mellom dei og dei eldre, ho eine kalla det for ein opplevelse av alderslaushet. Skriveverkstanden åpna på mange måtar ei bru mellom skriveassistenten og den eldre der dei delte livet og at dei begge kunne kjenna seg igjen i dei same følelsane og situasjonane. Er det ei bru mellom oss mennesker så er det kontakt og me får tilgang til noko i den andre sitt liv som ikkje er gitt ved det første augekast. Dette vil gi grunn til å tru at desse pleierane som opplevde dette vil yte ein «annan» pleie og omsorg i det daglige, eg vil kalla det eksistensiell omsorg. Fleire informantar beskriv dette med at dei har fått bidratt til at deltakerane har fått gjort opp status og fått bekrefta seg sjølv som noko som dei sjølvve også opplevde som ein viktig og meiningsfull del av det å drive eit skriveverksted.

### 6.1.2 Det unike møtet

I det unike møtet deler to mennesker opplevingar og den historien som vert fortalt og det som skjer i det møtet skjer berre den gongen. Kan me ved å dela historiar forstå fortida sine eksistensielle opplevingar, gleder og utfordringar? Kvart menneske har sin unike historie og dei opplevingane og forteljingane den eldre fortel om vil aldri gjenta seg og på det viset vert dei viktige for oss og gir forståelse for fortida si eksistensielle oppleving. For som Eriksson (Eriksson & Lindstrøm, 2003) seier så er caritativ vårdande noko som skjer når helsepersonell stiller seg åpne og inviterer pasienten inn i ei ånd som er uselvisk og prega av vilkårlaus kjærlighet. Det er å berøre mennesket sin grunnleggande eksistens dette dreier seg om når det kjem til «vårdande» som er eit sentralt begrep i omsorgvitenskap. I det unike møtet vil ein vera avhengig av tillit som er ein av dei tydingaste livsytringane og dette kjem fram når informantane beskriv ein audmjukhet for dette dei får ta del i som opplevs som noko større enn dei sjølvve.



Løgstrup (2010, s 17-33) seier at menneskelege møter er bygd opp av tillit, sjølv om denne kan misbrukast er tillit det mest naturlige i alle menneskelege møter. Kva er det som gjer at fleire av informantane vektlegg det å få bety noko for andre som det mest meingsfulle opplevinga med heile skriveverkstande? Kva er det som gjer at det kom så tydelig fram i denne settingen og ikkje var så klart for dei i »vanleg» pleie setting? Det tenker eg kan handla om det Arman & Rehnsfeldt (2012, s 91) kallar interpendensen, at ein opnar opp for at ein i ei universell meining er heilt avhengig av kvarandre. Informantane opplevde ein sårbarhet og det unike i kvar deltakar sin historie som noko heilt spesielt dei fekk innsyn i, og som igjen gjorde det åpna for deira eigen sårbarhet og varhet i livet. Ei beskriv det slik:

*Møte med enkeltpersonar, og det gir meg mykje å bety noko for andre....eg syns det var ei heilt spesiell opplevelse som gav meg mykje....*

Mennesket sin verdighet i det å vera menneske blant andre menneske er ein grunnleggande verdi for omsorgsetikere (Armand, 2015, s 104-110) og måten ein er mot andre er det omsorgens innerste kjerne. Empirien viser at informantane på ulike måter viser, tro, håp og kjærlyghet gjennom sin måte å være med deltakerane, sine ord, handlingar og ikkje minst holdningen som endres hos enkelte informantar underveges. Det er ikkje tilfeldig at deltakerane på skrivverkstedet vert beskrivne som nokon dei vart glade i, og som gav mykje tilbake til informantane også. Eg vil hevde det var opna opp for kjærlyghet og barmhjertighet i møte med den andre, ein fekk til ein ekte relasjon. Det samsvarer med Koskinen (2017, s 403-407) si beskrivning av «lyssnanden» som er å inviterer pasienten til å dela det som er meiningfullt og at pleiaren er sjølv redskapet til å ta del i pasienten sin historie og at ein må bruke tid på å lytte. Kun då kan det oppstå eit rom og eit nærvær som gjer at ein kjem til det innerste slik fleire av informantane fortel om. Rosa (2014, s.26) beskriv også dette med tid i møte med andre og at tidsalderen me lever i krev hurtighet og at det derfor kan vera ein god ide å øve oss i å vera langsam i møte med andre. Skriveverkstaden vart ein slik arena der ein fekk øva seg på å vera langsomme ilag. Det var bare ein ting ein skulle ha fokus på den 1,5 timen som var satt opp og det var for den eldra å fortelja ein histore om eit utpeikt tema og for helsepersonell som var med å lytta og skriva ned denne historia. Det kan hende at det var noko av nøkkelen til at det

vart desse gode møtene; ein hadde satt av tid ilag til å gjera ein ting, ein skulle ikkje hasta vidare og skunda seg å bli ferdig med oppgåva. Det er lite «gjøren» og veldig mykje «væren» i dette. Eg vil hevda at det er for lite tid som vert prioritert for å få skapa slike nærværande rom i helsevesenet, funna viser at det gjorde godt for den eldre, men ikkje minst var gjorde det godt for helsepersonell som var med og dette vil eg anta er noko som vil påvirke utøvelsen avpleien og arbeidsgleda.

Dette var ikkje gått noko djupare inn på, men i intervjuene vart det spurt om det å vera skriveassistent hadde endra dei på nokon måte. Det som var gjennomgangstonen var at det hadde det, og alle informantane seier det hadde endra dei på det personlege plan. Og når ein er helsepersonell har ein med seg heile sitt vesen, sin erfaring, kunnskap og heile sin person med i møtet med pasientane og det å ha fått lukka opp den døra til dette er noko som var eit spennande funn og litt overraskande for min del.

### 6.1.3 Å kjenne trygghet

